

Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland

HEIDI
KNUTSEN
(NILF)

TORBJØRN
HAUKÅS
(NILF)

ANASTASIA
OLSEN
(NILF)

MARIUS
BERGER
(NILF)

MERETHE
LERFALD
(ØF)

PER KRISTIAN
ALNES
(ØF)



NILF

Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning



østlandsforskning



NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar

Kjem ut årleg:

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

Resultat frå forskning og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettpublisering).

NILF gjev også ut:

- «Merverdiavgiftsnøkkel for landbruket»
- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

NILF er sekretariat for Budsjettnemnda for jordbruket som årleg gjev ut:

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

NOTAT 2015–12

Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland

Heidi Knutsen (NILF)
Torbjørn Haukås (NILF)
Anastasia Olsen (NILF)
Marius Berger (NILF)
Merethe Lerfald (ØF)
Per Kristian Alnes (ØF)



NILF
Norsk institutt for
landbruksøkonomisk forskning



østlandsforskning

| | |
|--------------------|---|
| Serie | Notat |
| Redaktør | Sjur Spildo Prestegard |
| Tittel | Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland |
| Forfattarar | Heidi Knutsen (NILF), Torbjørn Haukås (NILF), Anastasia Olsen (NILF), Marius Berger (NILF), Merethe Lerfald (ØF), Per Kristian Alnes (ØF) |
| Prosjekt | Verdiskaping i landbruk og landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane (A938) |
| Utgivar | Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) |
| Utgivarstad | Oslo |
| Utgivingsår | 2015 |
| Tal sider | 135 |
| ISBN | 978-82-7077-914-7 |
| ISSN | 0805-9691 |
| Emneord | Verdiskaping, bruttoprodukt, sysselsetting, ringverknader, landbruk, Hordaland |

Litt om NILF

- Forsking og utgreiing om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjett-nemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

Forord

Landbruk og landbruksbasert verksemd er viktig for sysselsetting og verdiskaping i mange kommunar i Hordaland. I tillegg til produksjon av mat, bidreg landbruket også med andre verdiar for samfunnet gjennom forvaltning av store arealressursar og vedlikehald av kulturlandskapet, levande bygder og gode bumiljø.

På oppdrag frå Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane har Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Østlandsforskning oppdatert verdiskapingsberekningar for jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring for Hordaland. I tillegg har vi berekna verdiskaping for landbruksbasert industri og gjennomført analyse av ringverknader

Berekningane for Hordaland er gjennomførte parallelt med tilsvarende berekningar for Sogn og Fjordane, men resultatane vert presenterte i to notat, eitt notat for kvart fylke. Det vil alltid vere usikre moment i grunnlaget for berekningane, særleg på kommunenivå, for dei minste driftsformene og for deler av verdikjeda. Dette må ein ta omsyn til når resultatane skal tolkast og nyttast.

Vi takkar Samarbeidsrådet for oppdraget og alle som har bidrege med faglege innspel og arbeid med datainnsamling. NILF har hatt ansvar for berekningane for jordbruk og tilleggsnæringar, medan Østlandsforskning har hatt ansvaret for skogbruk, landbruksbasert industri og ringverknader. Notatet er skriva av Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen og Marius Berger ved NILF og av Merethe Lurfald og Per Kristian Alnes ved Østlandsforskning. Narve Brattenborg frå NILF har tilpassa data til modellen. NILF ved Heidi Knutsen har leia prosjektet. Siri Fauske har klargjort notatet for publisering.

Oslo/Lillehammer, juni 2015

Inger-Anne Ravlum
Direktør i NILF

Tor Arnesen
Direktør i Østlandsforskning

Innhald

| | Side |
|--|------|
| SAMANDRAG | 1 |
| 1 INNLEIING | 5 |
| 1.1 Bakgrunn for prosjektet | 5 |
| 1.2 Formål og problemstilling | 5 |
| 1.3 Oppbygging av notatet | 6 |
| 2 DEFINISJONAR, METODAR OG DATAGRUNNLAG | 7 |
| 2.1 Jordbruket | 8 |
| 2.1.1 Datagrunnlag for driftsformene | 10 |
| 2.1.2 Sysselsetting i jordbruket | 12 |
| 2.2 Skogbruk | 12 |
| 2.2.1 Sysselsetting | 12 |
| 2.2.2 Verdiskaping | 13 |
| 2.3 Tilleggsnæring | 15 |
| 2.4 Relatert arbeid og ringverknader for anna næringsliv | 16 |
| 2.4.1 Ringverknader | 18 |
| 2.4.2 Ringverknadsmodell | 18 |
| 3 UTVIKLING I LANDBRUKET PÅ VESTLANDET | 23 |
| 3.1 Utvikling i jordbruket 2003–2013 | 23 |
| 3.1.1 Utvikling i tal bruk og jordbruksareal | 23 |
| 3.1.2 Utvikling på husdyrbruk | 27 |
| 3.1.3 Produksjonsomfang | 29 |
| 3.2 Strukturutvikling i skogbruket | 38 |
| 4 VERDISKAPING OG SYSSELSETTING I JORDBRUKET I HORDALAND | 49 |
| 4.1 Produksjonsinntekter og kostnader | 51 |
| 4.2 Verdiskaping for dei ulike produksjonane i jordbruket | 52 |
| 4.2.1 Mjølkeproduksjon | 54 |
| 4.2.2 Produksjon av geitemjolk | 55 |
| 4.2.3 Sauehald | 56 |
| 4.2.4 Storfeslakt på ammekyr | 57 |
| 4.2.5 Svinehald | 58 |
| 4.2.6 Egg og fjørfeslakt | 59 |
| 4.2.7 Grønsaker, poteter og korn | 60 |
| 4.2.8 Frukt og bær | 60 |
| 4.2.9 Veksthus | 61 |
| 4.2.10 Pelsdyr | 61 |
| 4.2.11 Birøkt | 61 |
| 4.3 Verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar | 62 |
| 4.4 Sysselsetting i jordbruket | 64 |

| | |
|------|---|
| Side | |
| 5 | SYSSELSETTING OG VERDISKAPING I SKOGBRUKET67 |
| 5.1 | Syssetling i skogbruket67 |
| 5.2 | Verdiskaping i skogbruket70 |
| 6 | VERDISKAPING OG SYSSELSETTING I LANDBRUKSBASERT TILLEGGSNÆRING77 |
| 6.1 | Frekvens for ulike tilleggsnæringar79 |
| 6.2 | Verdiskaping i tilleggsnæring81 |
| 6.3 | Syssetling i tilleggsnæring85 |
| 8 | RINGVERKNADER AV LANDBRUK OG LANDBRUKSBASERT VERKSEMD117 |
| 8.1 | Direkte og indirekte verknader av landbruket i Hordaland118 |
| 9 | SAMLA SYSSELSETTING OG VERDISKAPING I LANDBRUKET I HORDALAND121 |
| 9.1 | Verknader vidare i verdikjeda og indirekte verknader126 |
| | KJELDER129 |
| | VEDLEGG131 |

Samandrag

I 2009 gjennomførte NILF verdiskapingsberekningar for Hordaland og Sogn og Fjordane med utgangspunkt i produksjonsomfang og økonomi i 2007. Med basis i tal frå 2013 er nå tala frå 2009 oppdaterte. I tillegg til berekningar for jordbruk, skogbruk og tilleggsnæring, er også verdiskaping og sysselsetting berekna for landbruksbasert industri. Østlandsforskning har hatt ansvaret for berekningar for skogbruk og landbruksbasert industri og har også gjennomført ein ringverknadsanalyse for Hordaland.

Formålet med prosjektet har vore å auke kunnskapen om korleis landbruk gir grunnlag for sysselsetting og verdiskaping i landbruksbasert verksemd i fylket. I tillegg har ein ønskt å sjå utviklinga sidan førre berekning i 2009.

Vestlandsjordbruket er prega av mange, små driftseiningar. Auka krav til produksjonsomfang og effektivitet for å oppretthalde lønsemda i jordbruket har slege hardare ut på Vestlandet enn mange andre stader i landet.

I 2013 var det 3 141 som søkte om produksjonstilskot i Hordaland, og det er ein nedgang på 19 prosent frå 2003. I gjennomsnitt for landet gjekk tal søkjarar ned med 22 prosent. Frå 2003 til 2013 er det fulldyrka jordbruksarealet i Noreg redusert med 6 prosent. For Hordaland har reduksjonen i det fulldyrka jordbruksarealet vore på heile 20 prosent, medan det totale jordbruksarealet i fylket er redusert med 6 prosent i den same perioden. Stor auke i innmarksbeite gjer at jordbruksareal i alt viser mindre nedgang enn fulldyrka areal. Det betyr at det er den mest verdfulle jorda som forsvinn.

Frukt- og bærproduksjon er særleg viktig for kommunane i Hardanger, men i den siste tiårsperioden er fruktarealet redusert i fylket med unntak av plommearealet som har auka.

Når det gjeld husdyrhaldet, er det reduksjon i tal mjølkekyr og tal mjølkebruk, medan kjøtproduksjon med ammekyr har auka. Også sauetalet har auka frå 2003, sjølv om tal bruk er redusert.

Vestlandsbonden har hatt om lag same utviklinga i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk som bøndene i resten av landet, men nivået ligg noko under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka til dette er mindre driftseiningar og vanskelegare driftsforhold. Sjølv om fleire av tilskotsordningane kompenserer noko for dette, viser driftsgranskningane at inntekta til vestlandsbonden har vore lågare enn gjennomsnittet for landet i perioden frå 2003 til 2013.

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Hordaland, bruttoproduktet, er berekna til 797 mill. kroner i 2013. Det er ein auke på 3,2 mill. kroner frå 2007 rekna i faste 2013-kroner. Til samanlikning er verdiskapinga for Sogn og Fjordane berekna til 885 mill. kroner for 2013. Det er Voss kommune som har høgast verdiskaping med 112 mill. kroner. Deretter følgjer Kvinnherad (83 mill. kroner), Ullensvang (79 mill. kroner), Etne (69 mill. kroner) og Kvam (63 mill. kroner).

Mjølkeprodusentane står for den største verdiskapinga i jordbruket i Hordaland, med 45 prosent av den totale verdiskapinga frå jordbruket. Deretter kjem verdiskaping frå sauehald som utgjer 27 prosent.

I Hordaland er det Ullensvang som har høgast verdiskaping i jordbruket per innbyggjar med kroner 23 400. Kommunen er ein typisk distriktskommune og har allsidig jordbruk med noko husdyrhald, men er likevel mest kjend for omfattande frukt- og bærproduksjon. Kommunen har ingen store sentra eller hjørnesteinsverksemder.

Det er arbeidd om lag 5 mill. timar i jordbruket i Hordaland i 2013. Dette svarar til 2 700 årsverk á 1 845 timar. Det er ein nedgang på nesten 500 årsverk frå 2007. Størst nedgang har det vore i sysselsettinga i mjølkeproduksjon. For sauehaldet har det vore ein liten auke i sysselsettinga, med 72 årsverk frå 2007. Totalt utgjer sysselsettinga i sauehaldet 43 prosent av sysselsettinga i jordbruket i 2013, og mjølkeproduksjon (inkl. geit) utgjer 36 prosent.

Sysselsettinga i skogbruket i Hordaland har auka frå 79 i 2004 til 148 i 2013. Sysselsettinga innanfor skogbruket utgjer ein marginal del av fylkets samla sysselsetting. Lokaliseringskvotienten er på 0,22 i Hordaland¹. Sett i forhold til landet, er skogbruksnæringa klart underrepresentert i Hordaland. Klart flest sysselsette i skogbruket finn vi i Voss kommune.

Det er om lag 700 personar med positiv næringsinntekt frå skogbruket i Hordaland i 2013. Gjennomsnittleg næringsinntekt frå skogbruket i Hordaland var i 2013 på 19 000 kroner, til saman 13 mill. kroner. Gjennomsnittleg inntekt frå skogbruket på landsbasis var i 2013 på 37 000 kroner. Inntekta frå skogbruket utgjer 4 prosent av brutto inntekt. På landsbasis utgjer skogbruksinntektene 6 prosent av brutto inntekt.

I 2013 vart det levert 8,9 mill. m³ tømmer til skogsindustrien. Avvirkninga i Hordaland utgjorde 2 prosent av samla avvirkning. Avvirkning av skog er den viktigaste kjelda til inntekt frå skogen for dei fleste skogeigarane. Verdiskapinga i skogbruket i 2013 i Hordaland er på 157 mill. kroner.

Størst verdiskaping frå skogbruket finn vi i kommunane Voss (20 mill. kroner), Kvinnherad (14 mill. kroner), Lindås (10 mill. kroner) og Ullensvang (10 mill. kroner). Minst verdiskaping frå skogbruket finn vi i kommunane Fjell (0,5 mill. kroner), Øygarden (0,3 mill. kroner) og Fedje (0,1 mill. kroner).

Om lag 51 prosent av jordbruksføretaka i Hordaland driv tilleggsnæring, og leigekøyring og utmarksnæring er dei mest vanlege tilleggsnæringane. Verdiskaping frå tilleggsnæringar, rekna som bruttoprodukt, er berekna til 133,1 mill. kroner for Hordaland. Frå 2007 har verdiskaping frå tilleggsnæring auka med ca. 12 prosent. Størst verdiskaping kjem frå leigekøyring med 43,2 mill. kroner og turisme med 22,1 mill. kroner. Sysselsetting i tilleggsnæring er berekna til 263 årsverk for 2013.

Dei fire kommunane Ullensvang, Kvinnherad, Voss og Kvam er om lag jamstore i tal årsverk i tilleggsnæring, med mellom 25,4 og 24,1 årsverk. Det er dei same kommunane som har størst verdiskaping frå tilleggsnæring også, med Voss på topp med 14,7 mill. kroner.

Samla verdiskaping frå primærnæringane i Hordaland i 2013 er 1,09 mrd. kroner, av dette utgjer jordbruk 797 mill. kroner, skogbruk 157 mill. kroner og tilleggsnæring 133 mill. kroner. Voss er kommunen med klart størst verdiskaping frå primærnæringane med i underkant av 150 mill. kroner. Voss er deretter følgd av kommunane Kvinnherad og Ullensvang med høvesvis 110 og 101 mill. kroner i verdiskaping frå primærnæringane.

Det er gjort eit estimat for verdiskaping for den delen av landbruksbasert industri som ein kan seie er avhengig av råvarer frå landbruket i Hordaland. Samla verdiskaping for denne industrien er 1,25 mrd. kroner, av dette utgjer verdiskaping innanfor næringsmiddelindustrien 1,2 mill. kroner. Verdiskapinga varierer mellom kommunane. Verdiskapinga målt i kroner er størst i Bergen (896 mill. kroner) for næringsmiddelindustrien, medan den er størst i Granvin (18 mill. kroner) for treindustrien. Ser vi i høve til samla verdiskaping i kommunane, utgjer verdiskapinga i den landbruksbaserte industrien 7 prosent i Granvin og Vaksdal.

¹ Ein lokaliseringskvotient for ei næring gir eit uttrykk for kva relativ rolle næringa har i ein region i høve til på nasjonalt nivå.

Ser vi primærnæringa og landbruksbasert industri saman, finn vi at samla verdiskaping i 2013 var på 2,3 mrd. kroner, eller ein prosent av samla verdiskaping i fylket. I kommunane Granvin, Ullensvang og Ulvik utgjer samla verdiskaping høvesvis 12, 11 og 10 prosent av samla verdiskaping i den einstilte kommunen.

Vi har gjort ei samanlikning av sysselsetting og verdiskaping for landbruk og fiske og for landbruks- og fiskeribasert industri. Det er om lag 2 100 sysselsette innan fiskeri og 2500 innan landbruket i Hordaland. Det betyr at begge næringar utgjer rundt 1 prosent av total sysselsetting i fylket. Innan fiskeribasert og landbruksbasert industri er det høvesvis 1 000 og 3 500 arbeidsplassar i Hordaland. Av dei 3 500 arbeidsplassane er om lag 1 260 definerte å være avhengig av jordbruket i Hordaland. Verdiskapinga i fiskeribasert industri var i 2013 på 1,1 mrd. kroner, mens tilsvarande innafor landbruksbasert industri (den som er definert å være avhengig av landbruket i Hordaland) var 1,25 mrd. kroner. I kommunane Sund, Austevoll og Granvin utgjer samla verdiskaping høvesvis 12, 9 og 7 prosent av samla verdiskaping i den enkelte kommunen.

Det er gjennomført ein ringverknadsanalyse av landbruket i Hordaland. Til grunn for denne ligg tal for sysselsette og årsverk i jordbruk, skogbruk og tilleggsnæringar som er berekna i forbindelse med dette prosjektet, samt ei kartlegging av tal for sysselsette i relatert landbruksbasert industri, forretningsmessig tenesteyting og undervisning samt offentleg tenesteyting som kan seiast å vere avhengig av landbruket i Hordaland. Dette er ei grov tilnærming, og kor avhengig dei er av landbruket, vil variere. Det er berekna to sysselsettingsmultiplikatorar, ein enkel multiplikator for kvar aktivitet i verdikjeda og ein akkumulert sysselsettingsmultiplikator. Den akkumulerte multiplikatoren fangar opp at det er ringverknader av primærleddet vi er mest opptatte av. Til grunn for den akkumulerte multiplikatoren ligg vilkåret om at dei andre aktivitetane i verdikjeda er avhengige av råstoff frå primærleddet.

Av ringverknadsanalysen går det fram at 2 864 sysselsette i landbruket og tilleggsnæring knytt til landbruket i Hordaland, gir grunnlag for til saman 5 764 sysselsette i Hordaland (inkl. sysselsette i landbruket). Sidan heile verdikjeda i tabellen er antatt å vere basert på aktiviteten i primærleddet, gir det ein akkumulert sysselsettingsmultiplikator på 2,01. I det ligg at ein sysselsett i primærnæringa gir grunnlag for 1,01 sysselsette i anna næringsliv i Hordaland.

Dei totalt 5 764 sysselsette utgjer 2 prosent av alle sysselsette i Hordaland i 2013. Landbrukets betyr mindre for sysselsettinga i Hordaland enn i Hedmark og Oppland, der ein med grunnlag i tilsvarande metode kom fram til at landbruket ga grunnlag for 16 prosent av alle sysselsette i Hedmark og 14 prosent i Oppland. Tilsvarande analyse i Rogaland viser at landbruket gir grunnlag for 6 prosent av alle sysselsette i Rogaland, mens landbruket gir grunnlag for 9 prosent av alle sysselsette i Sogn og Fjordane.

1 Innleiing

Jordbruket på Vestlandet har på line med resten av landet, hatt ei utvikling mot færre og større driftseiningar, sjølv om utviklinga i strukturrasjonaliseringa ikkje har vore like stor som i resten av landet.

I 2013 var det 13 638 landbrukseigedomar i Hordaland. Av desse var det busetting på 8 622 eigedomar. I alt hadde 29 142 personar bustad på ein landbrukseigedom i Hordaland, og det utgjer 5,9 prosent av alle som er busette i fylket.² Det er langt færre jordbruksbedrifter enn det er landbrukseigedomar. I 2013 var det 3 205 jordbruksbedrifter i Hordaland, og av desse søkte 3 141 om produksjonstilskot.

Det er altså ein del bruk som ikkje tek i mot produksjonstilskot. Jordbruksbedriftene som ikkje søker om tilskot, kan vere svært små i økonomisk omfang, eller dei driv ein produksjon som ikkje har krav på tilskot.

Jordbruket på Vestlandet er prega av små einingar, og topografi og arrondering gjer det vanskeleg å få store, rasjonelle einingar. Landbruket har fleire viktige funksjonar utover produksjon av trygg mat og trevirke. I mange vestlandskommunar spelar landbruket ei viktig rolle for busetnad og sysselsetting. Det landbruksbaserte kulturlandskapet er viktig for enkeltindivid som kjelde for rekreasjon og friluftsliv, og som ramme for satsing på kultur, lokal mat og turisme.

1.1 Bakgrunn for prosjektet

Landbruk er ei av svært få næringar som har utøvarar i alle kommunar. Talet på aktive utøvarar går ned, og i mange kommunar vert jordbruksareal omdisponert til anna bruk. For Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er det viktig å kunne vise kva for verdiar som vert skapte med basis i landbruksressursar.

I 2009 gjennomførde NILF verdiskapingsberekningar for Hordaland og Sogn og Fjordane med utgangspunkt i produksjonsomfang og økonomi i 2007 (Knutsen m.fl. 2009). Seinare har NILF i samarbeid med andre vidareutvikla denne typen berekningar og også tatt inn verdiskaping frå landbruksbasert industri og ringverknadsanalysar. Sist vart dette gjort for Buskerud og Telemark³. Berekningane for desse to fylka vart gjennomførde i samarbeid med Østlandsforskning (ØF). Denne oppdateringa for Hordaland bygger på det same opplegget som for desse fylka.

Intensjonen er at resultatane frå prosjektet skal vere eit hjelpemiddel for politikarar, byråkratar, rådgjevarar og næringsutøvarar, og til opplysning og informasjon for andre interesserte.

1.2 Formål og problemstilling

Formålet med prosjektet har vore å auke kunnskapen om korleis landbruk gir grunnlag for sysselsetting og verdiskaping i landbruksbasert verksemd i Hordaland fylke. I tillegg har ein ønskt å sjå utviklinga sidan førre berekning i 2009. Sentrale problemstillingar har vore å:

² SSB 2015 Statistikkbanken (a), tabell 07057; Landbrukseiendommer med bebyggelse og bosetting (F)

³ Knutsen m.fl. 2013a og 2013b

- Oppdatere berekninga av verdiskaping og sysselsetting innan jordbrukets hovudproduksjonar, skogbruk og tilleggsnæring på fylkes- og kommunenivå med utgangspunkt i tal frå 2013.
- Vise utvikling i jordbruket (tal frå Landbruksdirektoratet) og samanlikne verdiskaping og sysselsetting frå 2007 til 2013.
- Kartlegge verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert industriverksemd .
- Kartlegge økonomiske ringverknader av landbruk og landbruksbasert verksemd på fylkesnivå.
- Enkel samanlikning av verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri på fylkesnivå med marin sektor, basert på eksisterande statistikk for marin sektor.
- Oppdatere faktaark med resultat frå berekningane for kvar kommune.

Metodikken og modellen som er nytta i arbeidet, er den same som er nytta i berekningane for andre fylke, seinast for Rogaland (Knutsen m.fl., 2012; Lurfald m.fl., 2012), Telemark (Knutsen m.fl., 2013a) og Buskerud (Knutsen m.fl., 2013b)

Prosjektet «Oppdatering av verdiskapingsberekning for landbruk og berekning av verdiskaping i landbruksbasert verksemd i Hordaland og Sogn og Fjordane» er utført i samarbeid mellom Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF) og Østlandsforskning (ØF). NILF har hatt ansvaret for berekning av verdiskaping frå jordbruk og tilleggsnæringar, medan ØF har hatt ansvaret for analyse av skogbruk, landbruksbasert industri og ringverknader. Berekningane er gjennomførde parallelt for dei to fylka, men resultatata vert presenterte i to separate notat, eitt for kvart fylke.

Oppdragsgjevar har vore Samarbeidsrådet for landbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane.

1.3 Oppbygging av notatet

I kapittel 2 er metodikk for berekning av verdiskaping, sysselsetting og ringverknader av landbruk beskrive. Utviklingstrekk i jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane er vist i kapittel 3.

I kapittel 4 vert resultatata frå berekning av verdiskaping for jordbruket i Hordaland vist. Resultata fra skogbruket kjem i kapittel 5 og for tilleggsnæringar i kapittel 6. Deretter er det i kapittel 7 gjort ei vurdering av sysselsetting og verdiskaping i landbruksbaserte næringar og i kva grad desse næringane er avhengige av landbruket i fylket. Der er også landbruket samanlikna med marin sektor. Ringverknadar av landbruket er presenterte i kapittel 8. I det siste kapittelet er det gitt ei kort samanstilling av resultatata for sysselsetting og verdiskaping i landbruket i Hordaland.

Heilt til slutt i notatet er det tatt med ein del vedleggstabellar som viser fleire resultat frå berekningane enn det som er presentert i sjølve notatet.

Faktaark for alle kommunane i Hordaland er samla i eit eige tillegg til dette notatet.

2 Definisjonar, metodar og datagrunnlag

I nasjonalrekneskapen og i rekneskap med basis i nasjonalrekneskapen, vert bruttoprodukt nytta som uttrykk for verdiskaping. Bruttoproduct er verdien av produserte varer og tenester minus vareinnsatsen. Kapitalslit (avskrivningar) er ikkje trekte frå. Produktstøtte, for eksempel prisstøtte, er med i bruttoproduktet, men ikkje støtte som ikkje kan relaterast direkte til eit produkt (sjå for eksempel Statistisk sentralbyrå (2012) for ei forklaring av dei ulike omgrepa i nasjonalrekneskapen).

I jordbruket er det fleire støtteordningar som ikkje er avhengige av produsert mengde, til dømes husdyrtilskot, arealtilskot, kulturlandskapstilskot og investeringsstøtte. Slike tilskot vil ikkje verte rekna med i verdiskapinga i nasjonalrekneskapen. Dei er likevel viktige for inntektene i jordbruket og for inntektsverknaden i andre næringar. Det kan også argumenterast med at overføringane til jordbruket er betaling for produksjon av fellesgode, slik at ein kan sjå på omfanget av overføringane som eit mål på korleis samfunnet verdset produksjon av fellesgode reint økonomisk. I modellen for utrekning av verdiskaping i jordbruket har vi valt å ta med alle støtteordningane, og det avvik derfor frå berekningane i nasjonalrekneskapen.

I dette notatet nyttar vi uttrykket bruttoprodukt medrekna tilskot når vi omtalar verdiskaping. Bruttoproductet er betaling for arbeidsinnsats og forrenting av investert kapital. Tilsvarende uttrykk er nytta i berekning av verdiskaping frå jordbruket for Buskerud og Telemark. For andre fylke, til dømes Rogaland, Hedmark og Oppland, vart verdiskaping for jordbruket presentert som nettoprodukt. Nettoproduktet er bruttoproduktet fråtrekt avskrivningar. Avskrivningane er vanskelege å fastsette, og det vanlegaste i andre næringar er å berekne verdiskaping som bruttoprodukt. Dette er grunnen til at bruttoprodukt er valt som uttrykk for verdiskapinga i dette prosjektet sjølv om ein nytta nettoprodukt då verdiskaping vart berekna for Hordaland og Sogn og Fjordane i 2009. For å kunne samanlikne dei to åra er tala frå den tidlegare undersøkinga rekna om til bruttoprodukt. I tillegg er tala inflasjonsjusterte etter konsumprisindeksen.

Inntektene er delte i to; marknadsinntekter og offentlege tilskot. Marknadsinntektene er inntekter frå sal av jordbruksprodukt eksklusive pristilskot. Leigeinntekter for bruk av traktor og reiskap m.m. inngår i marknadsinntektene. Offentlege tilskot inkluderer alle tilskot, slik som areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot for husdyr, driftstilskot for mjølke- og kjøtfeproduksjon, distrikts- og grunntilskot, avløyssarrefusjon og diverse andre tilskot.

VERDISKAPING = BRUTTOPRODUKT

Sum inntekter, jordbruk
+ Familiens arbeid på nyanlegg
– Sum kostnader før avskrivningar, jordbruk
+ Kostnader til leigd hjelp
+ Kostnader til jordleige

= Bruttoproduct inkl. tilskot

– Avskrivningar
= Nettoprodukt inkl. tilskot

2.1 Jordbruket

Verdiskaping og sysselsetting er berekna på kommunenivå. I desse berekningane inngår tradisjonell produksjon av jord- og hagebruksvarer, inkludert veksthusproduksjon, pelsdyr og birøkt. Også berekningane for skogbruk og tilleggsnæringar er berekna på kommunenivå.

Utgangspunktet for berekningane for jordbruket er dyretal og arealtal for 2013. Dette er det siste året det føreligg økonomiske data for. I hovudsak er det nytta to datakjelder som bakgrunn for berekningane, Landbruksdirektoratets tilskotsdatabase og NILFs driftsgranskingar i jord- og skogbruk.

Landbruksdirektoratet har i sin tilskotsdatabase oversikt over alle jordbruksbedrifter som har mottatt produksjonstilskot. Tal frå denne databasen er nytta for å få tal dyr og tal for areal for ulike vekstar for dei enkelte kommunane i 2013. Tabell 2.1 viser teljedato og produksjonskode for data frå Landbruksdirektoratet.

Statistisk sentralbyrå (SSB) oppgjev tal jordbruksbedrifter i Hordaland til å vere 3 205 og i Sogn og Fjordane til å vere 3 098 i 2013⁴. Ifølgje tilskotsdatabasen var det 3 141 jordbruksbedrifter frå Hordaland og 3 063 frå Sogn og Fjordane som søkte om tilskot i 2013. Det er altså ein del bruk som ikkje får produksjonstilskot. Det er rimeleg å rekne med at dei jordbruksbedriftene som ikkje søker eller ikkje oppnår tilskot, er svært små i økonomisk omfang, og at også arbeidsinnsatsen på desse bruka er låg. Det kan også vere bruk som ikkje har krav på tilskot, som til dømes spesialisert produksjon av pelsdyr. Utgangspunktet for berekning av verdiskaping er det dyretalet og arealet det er søkt om tilskot til.

Tabell 2.1 Data frå tilskotsregisteret til Landbruksdirektoratet (LD)⁵, storleiksgrupper, teljedatoar og kode

| Produksjon | Kode LD | Søknads- omgang | Teljedato |
|----------------------------------|---------------------|--------------------|------------|
| Mjølkekyr | 120 | 131410 | 31.07.2013 |
| Ammekyr | 121 | 131410 | 31.07.2013 |
| Anna storfe | 119 | 131410 | 31.07.2013 |
| Sauer | 137+138+133 | 121320 | 01.01.2013 |
| Mjølkegeiter | 140 | 131410 | 31.07.2013 |
| Purker | 155+158 | 131410 | 31.07.2013 |
| Slaktegris | 184 | 131420 | 01.01.2014 |
| Verpehøner | 160 | 131410 | 31.07.2013 |
| Kyllingar | 186 | 131420 | 01.01.2014 |
| Ender | 187 | 131420 | 01.01.2014 |
| Kalkunar | 188 | 131420 | 01.01.2014 |
| Grovfôr inkl innmarksbeite | 210–213 | 131410 | 31.07.2013 |
| Poteter og grønnsaker på friland | 230+264 | 131410 | 31.07.2013 |
| Frukt og bær | 272–283 | 131410 | 31.07.2013 |
| Korn | 235–247 | 131410 | 31.07.2013 |
| Birøkt | 194 | 131410 | 31.07.2013 |
| Veksthus | Anna kjelde | | |
| Pelsdyr | 170+171+anna kjelde | 121320 | 01.01.2013 |

⁴ SSB Statistikkbanken (b) tabell 03312: Jordbruksbedrifter.

⁵ For veksthus og pelsdyr er andre kjelder nytta.

Det økonomiske datagrunnlaget er i hovudsak henta frå NILFs driftsgranskingar i jord- og skogbruk for rekneskapsåret 2013. Gjennomsnittstal for ulike driftsformer er lagt inn i modellen for å kunne berekne verdiskaping for kvar driftsform. Driftsgranskingane dekkjer berre jordbruksbedrifter som er yrkesmessig drivne. Frå og med rekneskapsåret 2013 vert utvalet gjort etter standard omsetning, som må vere på minst kroner 150 000⁶ for at bruket skal inngå i populasjonen til driftsgranskingane. Derfor vert gjennomsnittleg bruksstorleik noko større i driftsgranskingane enn kva som er realiteten i næringa. Ved å ta utgangspunkt i det dyretalet og dei areala det er søkt om produksjonstilskot til, vert dei minste bruka slegne saman i den næraste storleiksgruppa innan kvar driftsform. Til dømes er det mange bruk i Hordaland og Sogn og Fjordane som har små buskapar med 20–40 sau. Desse inngår i gruppa mindre enn 75 vinterføra sau i modellen.

For at modellen skal vere så oversiktleg som mogleg, er det nytta økonomiske data frå bruk med einseitig produksjon. Denne forenklinga betyr i praksis at ein ikkje har teke omsyn til at det i jordbruket er vanleg med fleire driftsgreiner på same bruk. Til dømes vert svinehald på Vestlandet ofte kombinert med mjølkeproduksjon. Ved berekningane som vart gjort for 2007 vart verdiskaping for svinehaldet presentert som kombinasjon mjølkeproduksjon og svinehald. I ettertid har det ved fleire høve vore spurt etter tal for verdiskaping frå mjølkeproduksjonen og svinehaldet kvar for seg. Ved berekningane for 2013 er derfor mjølkeproduksjon og svinehald skilt og vert presentert kvar for seg. For å kunne samanlikne med tala frå 2007 er desse tala rekna om til reine produksjonar i ettertid. I kapittel 2.1.1 er driftsformene og datagrunnlaget nærare omtalt.

Bruka i driftsgranskingane er i gjennomsnitt større enn gjennomsnittet for bruka i fylket. Tal bruk som utgjer grunnlaget for dei økonomiske berekningane i modellen, vert derfor lågare enn det faktiske talet på bruk. Alle dyr og alt areal Landbruksdirektoratet har utbetalt tilskot til, er med i grunnlaget for berekningane.

Det føreligg ikkje pålitelege data på kommunenivå frå driftsgranskingane. Berekningane for den enkelte kommune er derfor gjort på bakgrunn av data frå



Foto: © Hordaland Bondelag

⁶ Tidlegare vart standard dekningsbidrag nytta. Deltakarbruka skulle då ha eit standard dekningsbidrag på minst 8 ESU (europeiske storleikseiningar) som svarar til 70 000–80 000 kroner.

Vestlandet. For nokre produksjonar har det også vore naudsynt å styrke datagrunnlaget med data frå andre regionar i tillegg til data frå Vestlandet.

At tal bruk i modellen er lågare enn det faktiske talet bruk, gjer at tilskot som er heilt eller delvis uavhengige av produksjon, vert lågare enn det som faktisk er utbetalt. Ein har derfor korrigert for dette ved innlegging i modellen slik at driftstillegg for mjølkeproduksjon og kjøtproduksjon stemmer med det som faktisk er utbetalt. Også botnfrådraget er korrigert i modellen, utan korrigering ville botnfrådraget verte lågare enn det faktiske frådraget for andre tilskot der ein kan samanlikne. For sum tilskot som kan samanliknast direkte med kva som er utbetalt frå Landbruksdirektoratet, areal- og kulturlandskapstilskot, produksjonstilskot til husdyr, driftstillegg (mjølk og ammeku) og botnfrådrag, er berekna tilskot i modellen, etter korrigeringar, 0,7 prosent for høgt for Hordaland. Dette er om lag same avviket som ein hadde for 2007, og er vurdert til å vere akseptabelt. Fordi birøkt ikkje inngjekk i modellen på kommunenivå for 2007, vil nokre av samanlikningane med 2007 vere utan birøkt.

Tabell 2.2 Tal bruk som søker produksjonstilskot og tal bruk i berekningane til NILF

| | Tal søklarar, LD | Sum einingar (LD), tal dyr, areal | Gj. tal dyr/ areal pr søklar | Tal bruk i modell | Einingar per bruk i modellen, tal dyr, areal |
|---------------------------|------------------------|--|---------------------------------------|-------------------------|--|
| Hordaland | | | | | |
| Mjølkekyr, sum | 601 | 10 901 | | | |
| <18 årskyr | 390 | 4 245 | 11 | 303 | 14 |
| >= 18 årskyr | 156 | 4 094 | 26 | 153 | 27 |
| i samdrift | 55 | 2 562 | 47 | 45 | 57 |
| Ammekyr | 331 | 2 791 | 8 | 147 | 19 |
| Mjølkegeiter | 28 | 2 187 | 78 | 17 | 125 |
| Vinterfôra sau, sum | 1 890 | | | | |
| <=75 vfs | 1 534 | 52 771 | 34 | 865 | 61 |
| >75 vfs | 356 | 42 466 | 119 | 287 | 148 |
| Utegangarsau | 260 | 9 999 | 38 | 250 | 40 |
| Fjørfekjøtt ¹⁾ | 12 | 560 438 | 46 703 | 4 | 134 483 |
| Alspurker | 39 | 1 798 | 46 | 37 | 48 |
| Verpehøner | 181 | 120 718 | 667 | 19 | 6 364 |
| Grønsaker, poteter, korn | 46 | 323 | 7 | 1 | 380 |
| Frukt | 315 | 7 387 | 23 | | |
| Bær | 41 | 157 | 4 | 161 | 47 |
| Bikuber | 39 | 1 022 | 26 | 39 | 26 |
| Sum | 3 141 ²⁾ | | | 2 329 | |

1) Slaktekylling, and og kalkun, sjå omrekning under omtale av fjørfekjøtt

2) Sum søklarar (LD) er lågare enn summen av tal søklar for kvar produksjon fordi mange har fleire produksjonar

Kjelde: Landbruksdirektoratet PT-900

2.1.1 Datagrunnlag for driftsformene

Mjølkeproduksjon, ku

For mjølkeproduksjon er det nytta tal frå driftsgranskingane for bruk frå Vestlandet (Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal). Bruka er delte inn i tre grupper; mindre enn 18 årskyr og større/lik 18 årskyr og samdrifter.

Kjøttproduksjon på storfe, ammekyr

Ein stor del av kjøttproduksjonen på storfe føregår i kombinasjon med mjølkeproduksjon eller på innkjøpte NRF-kalvar. I modellen er det føresett at denne delen av kjøttproduksjonen er fanga opp på mjølkeproduksjonsbruka. I tillegg føregår det kjøttproduksjon på bruk med ammekyr. I modellen er det føresett at all kjøttproduksjon på ammekyr er spesialisert produksjon. Det er relativt få vestlandsbruk med denne produksjonen som er med i driftsgranskingane. Økonomidata er derfor henta frå driftsgranskingsbruk frå Austlandet andre bygder (ikkje flatbygder), Agder og Rogaland andre bygder (ikkje Jæren) og Vestlandet.

Mjølkeproduksjon, geit

Det er få bruk med geitemjølkk i driftsgranskingane. Økonomidata for produksjon av geitemjølkk er derfor henta frå heile landet.

Sauehald

Bruk med sauehald er delt i to storleiksgrupper etter tal dyr; mindre enn 75 vinterfôra sauer (vfs) og større/lik enn 75 vfs. For dei minste sauebruka er det nytta data frå Austlandet andre bygder, Agder og Rogaland andre bygder og Vestlandet. For dei store bruka er det nytta data frå bruk på Vestlandet.

Utegangarsau

Det er for få bruk i driftsgranskingane som har utegangarsau til at ein berre kan nytte desse bruka ved berekning av verdiskaping. For utegangarsau er det derfor nytta ein kombinasjon av driftsgranskingsdata og kalkylar.



Foto: © Hordaland Bondelag

Svinehald

Det er få av bruka i driftsgranskingane som har ein-sidig svinehald. Dei driftsgranskingsbruka frå Vestlandet som har svinehald, produserer ofte svinekjøtt i kombinasjon med mjølkeproduksjon. For 2013 er det likevel berekna verdiskaping for ein-sidig svinehald. Her skil berekninga frå 2013 seg frå det som vart gjort i 2007.

For å komme fram til økonomiske data for svinehald er det nytta landstal for bruk med svinehald i kombinasjon med kornproduksjon. Datasettet er deretter korrigert for verdiskaping frå kornproduksjon og det er lagt inn riktige tilskot.

Fjørfekjøtt

Fjørfekjøtt vert produsert i kombinasjon med andre husdyrproduksjonar eller i kombinasjon med planteproduksjon. I driftsgranskingane er det for få bruk med fjørfeproduksjon frå Vestlandet til at ein kan nytte tal frå desse bruka til berekning av verdiskaping for produksjonen. Ein har derfor nytta landstal for bruk med kombinasjonen korn og fjørfekjøtt. Tala er korrigererte for verdiskaping frå kornproduksjonen. Landstala er også korrigererte for manglande distriktstilskot på fjørfekjøtt.

Eggproduksjon

Også egg vert i hovudsak produsert i kombinasjon med andre produksjonar. Ein har nytta same metode for å komme fram til verdiskaping for eggproduksjon som for fjørfekjøtt, det er nytta landstal for bruk med kombinasjonen egg og korn. Tala er korrigererte for verdiskaping frå kornproduksjon og for manglande distriktstilskot på egg.

Frukt- og bærproduksjon

Driftsgranskingsbruka med frukt- og bærproduksjon er i hovudsak lokaliserte i Hordaland og Sogn og Fjordane. Økonomidata for produksjonen er henta frå bruka i Hordaland.

Produksjon av grønsaker, poteter og korn

Det er liten produksjon av grønsaker, poteter og korn på Vestlandet. For Hordaland er det teke utgangspunkt i arealet det er søkt tilskot til, 36 dekar grønsaker på friland, 108 dekar potet og 179 dekar korn. I driftsgranskingane er ikkje desse produksjonane representerte for Vestlandet. For å kunne berekne verdiskaping for grønsaker, poteter og korn har ein derfor slege saman dei tre produksjonane og nytta økonomidata frå ei gruppe bruk frå Austlandet og Agder. Det er korrigert for ulike tilskotssoner.

Veksthusproduksjon

For veksthusproduksjon er det nytta data frå Landbruksteljinga 2010 for areal og omfang (SSB, 2010). Økonomiske data er henta frå kalkylar i Handbok for driftsplanlegging (NILF, 2013) og opplysningar frå Veksthusringen. Det er kvalitetssikra med data frå rekneskap i driftsgranskingane. Oppgåve frå Norsk Gartnerforbund ligg til grunn for fordeling av produksjon mellom ulike vekstslag.

Pelsdyr

Oversikt over omsette skinn ved Oslo skinnauksjoner frå Norsk Pelsdyrslag ligg til grunn for omsetning. Sidan det var så store prisskilnader på skinn i sesongen 2012/2013 og 2013/2014 er det nytta middeltal frå desse to åra. Handbok for driftsplanlegging (NILF, 2013) og rekneskap frå driftsgranskingane er nytta til kostnadsutrekning. Data for arbeidsforbruk er henta frå driftsgranskingane for mink og frå Hovland (2008) for arbeidsforbruket for rev.

Birøkt

For birøkt er det nytta kalkylar.

2.1.2 Sysselsetting i jordbruket

Deltakarane i driftsgranskingane skal registrere arbeidstid kvar veke. I modellen er det desse registreringane som er grunnlaget for berekning av sysselsetting i jordbruket.

2.2 Skogbruk

I kapittel 5 er verdiskaping og sysselsetting i skogbruket presentert. Det er ikkje god nok representativitet i driftsgranskingane til å kunne estimere inntekter og verdiskaping i primærnæringsdelen av skognæringa på fylkes- og kommunenivå. Rammene for prosjektet har gitt avgrensa høve til å gjennomføre regionale undersøkingar.

2.2.1 Sysselsetting

For å presentere samla sysselsetting innanfor skogbruket har vi lagt til grunn SSBs kommunefordelte sysselsettingsstatistikk etter arbeidsstad. I tillegg presenterer vi arbeidsinnsats i skogbruket registrert i samband med landbruksteljingane i 1999 og 2010.

Vi har lagt til grunn SSBs sysselsettingstal for næringskoden 02 Skogbruk som omfattar delnæringane 02.1 Skogskjøtsel, 02.2 Avverking, 02.3 Innsamling av viltveksande produkt av anna enn tre og 02.4 Tenester knytte til skogbruk.

I samband med landbrukssteljingane er arbeidsinnsatsen i skogbruket utført av skog-eigar eller andre i familien. Arbeidsinnsatsen i timar er omrekna til årsverk.

Det er den kommunefordelte sysselsettingsstatistikken som ligg til grunn for ringverknadsanalysen.

2.2.2 Verdiskaping

Takseringa av verdiskapinga i primærskogbruket tek utgangspunkt i SSBs totalrekneskap for skogbruk og tenester knytte til skogbruk. Denne statistikken vart publisert kvart år for landet fram til 2012. Av SSB-notat 17/2012 går utrekningsgrunnlaget for skogbruksnæringa fram i nasjonalrekneskapen (Zahirovic, 2012). Metoden som blir nytta for å rekne ut verdiskapinga frå skogbruket, svarer til den som vart nytta for tilsvarende berekning for Hedmark og Oppland (Lien m.fl., 2012 og Lurfald m.fl., 2012).

SSBs oppsett for å rekne ut bruttoproduktet i skogbruket går fram av tabell 2.3. Vi har i tillegg også teke med uttak av energiflis, denne er ikkje inkludert i SSBs totalrekneskap for skogbruket.

Tabell 2.3 Totalrekneskap for skogbruk og tenester knytte til skogbruk

| |
|---|
| Tømmer for sal |
| + Vyrke til eige bruk |
| + Vyrke til ved (heile lengder) |
| + Uttak av energiflis (biobrensel) |
| + Juletre og pyntegrønt |
| + Jakt |
| + Netto tilvekst |
| = Skogprodukt i alt |
| + Produksjon av tenester i tilknytning til skogbruket |
| + Investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar (inkl. verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsbilvegar) |
| = Produksjon |
| - Produktinnsats |
| = Brutttoproduktet i skogbruket |

Metoden som er lagt til grunn for å rekne ut verdiskapinga går fram av tabell 2.4 (målt som bruttoprodukt i skogbruket i Hordaland og kommunane i dette fylket).

Tabell 2.4 Berekningemetode totalrekneskapen i skogbruket for Hordaland og kommunane i fylket

| Element | Metode |
|---|---|
| Tømmer for sal | SSBs kommunefordelte bruttoverdi. Avverking for sal 2011. |
| Vyrke til eige bruk | Tek utgangspunkt i SSBs estimat for landet og blir fordelt etter avverkingsandelar. |
| Vyrke til ved | Avverkingsstatistikk for Hordaland fordelt per kommune er lagd til grunn. Vyrke til ved utgjer 312 m ³ . Kvantumet er dobla, da ein reknar med at ein del vyrke blir henta ut i privat regi. Blir fordelt som avverkingsstatistikken. |
| Biobrensel | Informasjon om utbetalt tilskot per kommune (Landbruksdirektoratet). Utbetalt tilskot er sett lik verdien. |
| Juletre og pyntegrønt | Total verdi er fordelt i forhold til areal per fylke basert på medlemmer i Norsk juletre. Det er forutsett lik produksjon per produsent. Verdien per fylke er kommunefordelt ved å leggje til grunn talet på produsentar med produksjon og sal av juletre og pyntegrønt som tilleggsnæring ⁷ . |
| Jakt | Utrekningane tek utgangspunkt i kommunefordelt statistikk for felte elg, felte hjort, felte rådyr og talet på småviltjegerar samt tillatne felte dyr per villreinområde. |
| Netto tilvekst | Brutto tilvekst fråtrekt all avgang i løpet av året, dvs. naturleg avgang, avverking av tømmer for sal, eige bruk og vyrke til ved, vraka vyrke på industritomt og kapp, bult og topp. Dersom negativ netto tilvekst for ein kommune, er denne sett lik null. |
| Produksjon av tenester i tilknytning til skogbruket | Dette er m.a. kostnader med entreprenørar inklusive uttak av biobrensel, tømmermåling samt investeringar i skogkultur, skogsveggar og skogbruksplanar. Manglande data gjer at vi har valt å leggje til grunn forholdet mellom produksjon av tenester i tilknytning til skogbruket og bruttoverdi avverking tømmer for sal i totalrekneskapen for landet som grunnlag for å slå fast denne verdien på fylkes- og kommunenivå. Dette forholdet er valt da ein må kunne gå ut frå ein samanheng mellom desse tenestene og aktivitet i skogen uttrykt i form av avverking. |
| Investering s-arbeid utført med eigne produksjonsfaktorar | Dette omfattar m.a. verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsbilveggar. Manglande data gjer at vi har valt, som for produksjon av tenester, å leggje til grunn forholdet mellom investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar og bruttoverdi avverking tømmer for sal i totalrekneskapen for landet som grunnlag for å slå fast denne verdien på fylkes- og kommunenivå. Dette forholdet er valt da ein må kunne gå ut frå ein samanheng mellom dette arbeidet og aktivitet i skogen uttrykt i form av avverking. |
| Produktinnsats | Dette omfattar m.a. leige av maskinar og reiskap frå jordbruket, andre varer og tenester, reparasjon og vedlikehald og tenester i tilknytning til skogbruket inklusiv uttak av bioenergi. Manglande data gjer at vi har valt, som for produksjon av tenester, å leggje til grunn forholdet mellom produktinnsats og bruttoverdi avverking tømmer for sal i totalrekneskapen for landet som grunnlag for å slå fast denne verdien på fylkes- og kommunenivå. Dette forholdet er valt da ein må kunne gå ut frå ein samanheng mellom denne innsatsen og aktivitet i skogen uttrykt i form av avverking. |

Av tabell 2.4 går det fram at det i liten grad finst spesifikk kommunefordelt statistikk for elementa som er ein del av totalrekneskapen når dette skal fastsetjast for eit fylke og ein kommune.

⁷ Landbruksundersøkinga 2010.

Når det gjeld skogprodukt, blir det publisert kommunefordelt statistikk for bruttoverdi av avverking tømmer for sal. For dei andre elementa som er ein del av skogprodukt, er det varierende grad av uvisse knytte til estimata.

For produksjon av tenester, investeringsarbeid utført med eigne produksjonsfaktorar og produktinnsats, fangar vi i liten grad opp variasjonar mellom kommunane. Etter denne modellen blir bidraga for eksempel frå entreprenørar, fordelte etter avverking og ikkje etter kommunen dei høyrer heime i.

2.3 Tilleggsnæring

I driftsgranskingane i jord- og skogbruk vert tilleggsnæring definert som «næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk med basis i ressursane på bruket». Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskinar etc., medan personressursar eller kompetanse ikkje inngår. SSB definerer tilleggsnæring omtrent på same måten som NILF, men har også med pelsdyr, birøkt og utleige av jord til jordbruksføremål som tilleggsnæring. Dette vert definert som jordbruk i driftsgranskingane og er med i berekninga av verdiskaping frå jordbruket.

For tilleggsnæring er det ikkje offentleg statistikk som inneheld data om type tilleggsnæring, omfang og kor mange som driv (frekvens). Verdiskapingsberekninga for tilleggsnæring vert derfor usikker samanlikna med jordbruket der ein kan nytte produksjonstilskotsdatabasen for å finne denne typen data. I dette prosjektet vert verdiskaping frå tilleggsnæringane berekna med utgangspunkt i landbruksteljinga i 2009/2010 (SSB, 2015) og økonomidata frå bruk i driftsgranskingane. 2010 er det siste året det føreligg data om frekvens for tilleggsnæringar på kommunenivå.

I landbruksteljinga har SSB tal for tal bruk som driv tilleggsnæring og kva tilleggsnæringar som vert drivne, men dei har ikkje spurt om omfanget. Ein må anta at dei som definerer verksemda si som tilleggsnæring, driv i eit visst omfang. I driftsgranskingane vert all tilleggsnæringsaktivitet registrert, også der omfanget er svært lite og brukaren sjølv truleg ikkje vil definere aktiviteten som tilleggsnæring. Før data frå driftsgranskingane vart nytta i berekningane, vart derfor bruk med omsetnad mindre enn kroner 5 000 tekne ut. Utval av bruk til driftsgranskingane er basert på representativitet for jordbruket. Det er derfor ikkje sikkert at omfanget av tilleggsnæring i driftsgranskingane er representative for omfanget av tilleggsnæring på fylkesnivå. For å ha eit så stort datagrunnlag som mogleg for dei økonomiske data, er det brukt landstal for dei ulike tilleggsnæringane. Når ein tolkar berekningane for tilleggsnæring, må ein ta omsyn til at tala for frekvens er frå 2010 og at det ikkje er mogleg å vite om omfanget på tilleggsnæring i driftsgranskingane er representativt for heile populasjonen. Likevel vil resultata gi ein god peikepinn på kor stor verdiskaping som kjem frå landbruksbasert tilleggsnæring i fylket og for enkeltkommunar.

I 2007 vart tilleggsnæring berekna på fylkesnivå. Det finst derfor ikkje samanlikningstal på kommunenivå for tilleggsnæring. Også metodisk skil berekninga for 2007 seg noko frå det som er gjort for 2013.



Foto: © Hordaland Bondelag

2.4 Relatert arbeid og ringverknader for anna næringsliv

For å kunne klargjere den økonomiske verdien landbruket har i ein region, må ein ha relevante teoriar og metodar for å analysere den økonomiske utviklinga i regionen. På dette området bruker ein ofte teori om økonomisk basis, ulike typar lokaliseringsteori og modellar som er godt eigna til analysar av ringverknader. For nærmare omtale av teoriar om økonomisk basis («economic base theory») og lokaliseringsteoriar, viser vi til verdiskapingsrapportane for landbruket i Hedmark og Oppland (Lien m.fl., 2012; Lerfald m.fl., 2012).

I dette prosjektet ser vi på jord- og skogbruket i Hordaland som ei basisverksemd eller basisnæring som gir monalege økonomiske verknader utover eiga verksemd.

Primærleddet i landbruket gir det vi kallar næringsmessige eller økonomiske ringverknader i form av omsetning, verdiskaping og sysselsetting for i hovudsak:

- foredlingsindustri og anna relatert verksemd pga. underleveransebehov eller råstoffgrunnlag for tilmåting og anna grunnlag for sysselsetting/produksjon i Hordaland (verdikjedeeffektar)
- for alle næringar pga. etterspurnad etter varer og tenester med grunnlag i lønn/utbytte og privat forbruk med grunnlag i eigarskap eller sysselsetting i landbruk og tilhøyrande foredlingsindustri (etterspurnadseffektar)

Desse verdikjede- og etterspurnadseffektane kallar vi indirekte økonomiske verknader eller ringverknader av primærproduksjonen i landbruket. Ein del av dei indirekte verknadene vil vere lokale eller regionale, mens ein god del verknader vil vere nasjonale eller internasjonale. I dette prosjektet legg vi vekt på å identifisere dei regionale verknadene av landbruket i Hordaland.

Vi har sett på kva som er foredlingsindustrien tilhøyrande landbruket. Innan jordbruksbasert foredlingsindustri er det først og fremst kjøttforedlingsbedrifter, frukt- og

grønsaksforedlarar, fôrprodusentar, kornmottak og meieriverksemder som er direkte relaterte til jordbruksaktiviteten i dag. Bakarnæringa derimot er ikkje sett å vere avhengig av lokalt råstoff. Produksjon av matkorn i fylket er av moderat omfang i høve til råstoffbehovet og moglegheitene for import.

Innan skogbruksbasert foredlingsindustri er det i første rekkje trelast- og trevareindustri og treforedling som er relevant foredlingsindustri. Vi reknar her med eit avhengnadsforhold til lokalt råstoff for alle dei tre bransjane. Det er her spesielt uvisse knytt til avhengnadsgraden for det som ikkje går under trelast. Sysselsette innanfor bioenergibransjen meiner ein også er avhengig av råstoff frå Hordalandsskogen. Delar av møbelindustrien får også sitt råstoff frå skogbruket, men vi trur at det i svært liten grad blir nytta lokalt råstoff. Vi legg derfor til grunn at møbelindustrien er uavhengig av dagens skogbruksaktivitet i fylket.

Innan engros- og detaljistleddet, ein del reiselivsverksemd (spesielt hotell/restaurant) kan det også vere næringsmessige ringverknader frå landbruket i Hordaland. Desse verknadene ser vi ikkje nærmare på, fordi vi meiner at import av landbruksvarer frå andre regionar ville ha generert tilnærma like stor omsetning, verdiskaping og sysselsetting i dette leddet.

Landbruket i Hordaland genererer også ein god del verksemd i regionen av ikkje kommersiell art. Her kan vi nemne tilsette og arbeid ved landbrukskontora i kommunane, landbruksavdelinga hos fylkesmannen, Innovasjon Norge, fylkeskommunen, Mattilsynet, vidaregåande skular (naturbruk), osv. Denne landbruksrelaterte verksemda ser ein ikkje som næringsmessig og blir derfor ikkje fanga opp i ein standard ringverknadsanalyse. I og med at regionen får pengar for å halde oppe spesialiserte arbeidsplassar innan landbruket i offentleg sektor i Hordaland, har vi derfor også sett på verdien av dette.



Foto: © NILF


2.4.1 Ringverknader

Dei regionale verknadene av kvar bedrift kan delast inn i direkte og indirekte verknader. Dei direkte verknadene kan definerast som omsetnings-, verdiskapings- og sysselsettingsverknader i bedriftene som blir studerte. Med blant dei direkte verknadene her er mellom anna lønnsverknader for tilsette, og utbytte for eigarane, dvs. ein heilt sentral del av verdiskapinga i bedrifta. Ringverknader eller indirekte verknader gjeld da verknader utover desse direkte verknadene. Dette dreier seg om verknader i form av omsetning, verdiskaping og sysselsetting for andre delar av verdikjeda for bedrifta, gjerne i samband med underleveransar, samarbeid eller foredling/vidareforedling av produkta frå den utvalde bedrifta. Vidare gir lønnsverknader og utbytte i den utvalde bedrifta og i verdikjeda elles grunnlag for etterspurnad etter konsum- og investeringsvarer. Denne etterspurnaden med tilhøyrande sysselsetting blir rekna som indirekte verknad eller ringverknad.

2.4.2 Ringverknadsmodell

Dei indirekte verknadene kan reknast på fleire måtar. Mest vanleg er det å rekne omfanget av regionale ringverknader med gjennomarbeiding av statistiske data og modellutrekningar i Panda (Plan- og analysesystem for næringsliv, demografi og arbeidsmarknad). Pandamodellen er særleg godt eigna til å studere verknader av at basisarbeidet i ein region aukar eller blir redusert i storleik. Ei rekkje døme på tidlegare bruk av ringverknadsmodellen Panda er gitt i verdiskapingsrapportane for landbruket i Hedmark og Oppland (Lien m.fl., 2012; Lurfald m.fl., 2012).

Panda består av ein databank med tilbakegåande tidsseriar for ei rekkje ulike variablar og ein kryssløpsmodell. Dataa kjem i første rekkje frå fylkesfordelt nasjonalrekneskap frå 1997 og oppdaterte tal for arbeidsmarknad og sysselsetting til og med 2008. Utgangspunktet for å bruke Panda til ringverknadsanalysar er mellom anna at all produksjon og sysselsetting blir plasserte i sektorar baserte på historiske data. I den versjonen av Panda som er brukt i dette prosjektet, er all produksjon delt inn i 50 sektorar. Kryssløpskjernen som utgjer grunnlaget for modellen, er ein tabell med 50 linjer og 50 kolonnar, og her kan ein sjå korleis alle dei økonomiske transaksjonane går føre seg innan regionen (sjå t.d. Sand (2003)). Men eit problem med denne kryssløpskjernen er at denne delvis byggjer på undersøkingar gjort tidleg på 1990-talet. I næringsdelen av modellsystemet i Panda kan det reknast utvikling i sysselsetting/årsverk og omsetning (etter næring og eigendefinerte aktivitetar). Berekningane blir styrt av utviklinga i eksogene etterspurnadskomponentar som offentleg konsum, investeringar og eksport til resten av landet og utlandet. Dei eksogene komponentane må reknast ut av brukaren. I tillegg kan ein legge inn data for eigendefinerte aktivitetar for spesielle verksemdar, som t.d. landbrukssektoren. Modellen reknar sjølv (endogent) andre typar av etterspurnad som konsekvensar av desse eksogene komponentane. Dette omfattar vareinnsats, vedlikehaldsinvesteringar på bygningar og anlegg, inntekter og privat konsum. I sluttfasen reknar modellen – via føresetnader om produktivitetutvikling – utvikling i bruttoproduksjonsverdi, årsverk og sysselsetting.



Figur 2.1 Ringverknadsanalyse

I dette prosjektet har vi brukt Panda til å rekne ut ringverknader av landbruk og landbruksrelatert verksemd i Hordaland. Figur 2.1 illustrerer korleis direkte effektar i utvalde bedrifter i primærlandbruket gir endringar i omsetning, verdiskaping og sysselsetting i desse bedriftene. I kvar slik endring kan det analyserast ringverknader ved bruk av Panda-modellen. I denne modellen med tilhøyrande datagrunnlag, er det tidlegare samla inn data for omsetning, verdiskaping, årsverk, sysselsetting og regionalt underleveransebehov, og verknader vidare i verdikjedene for alle hovudgruppene av varer og tenester. Figur 2.1 viser at Panda fangar opp endringar i anna verdikjede, endringar i inntekter og arbeidsløysingar for arbeidstakarar i dei aktuelle bedriftene, og vidare inntekts- og konsumverknader for det offentlege og det lokale/regionale næringslivet. Figuren illustrerer også på ein enkel måte dei såkalla ringverknadene og korleis desse forsterkar dei initiale verknadene. I starten vil for eksempel ei bedrift som blir lagt ned føre til arbeidsløyse for eigne tilsette og fall i omsetning hos underleverandørar. Dette gir vidare redusert inntekt og lokal etterspurnad for dei arbeidslause. Neste steg kan vere redusering i talet på tilsette hos underleverandør. Samtidig tek ein del tilsette til å flytte på seg fordi dei lokale jobbutsiktene er svake. Dette gir verknader i form av redusert inntekt for kommunen og etterspurnadsnedgang i anna lokalt næringsliv. Desse må igjen redusere talet på tilsette og vi får enda meir redusert etterspurnad.

Sentrale føresetnader i berekningene av ringverknader

Føresetnader i berekningane av ringverknader er:

- Berre den jord- eller skogbruksbaserte inntekta og verdiskapinga for gardbrukarane er teke med som direkte verknad. Lønnsarbeid og anna næringsinntekt til gardbrukarar eller familien er med andre ord ikkje med.

- Vi legg til grunn at relatert verksemd innan verdikjedene i landbruket – opp til og med foredlingsindustrien – er avhengig av monaleg aktivitet i primærnæringsleddet i Hordaland.
- Anna privat og offentleg landbruksrelatert sysselsetting i verksemd som blir finansiert med eksterne midlar har vi teke med som ringverknad.
- Proporsjonalitet (sysselsettingsmultiplikatoren blir den same uansett kor stor endring i aktiviteten som er definert) er ein standard føresetnad i Panda-modellen.
- Kraft og vassforsyning, utanriks sjøtransport, bygging av oljeplattformer, fiskeri/havbruk og fiskeindustri blir fastsett eksogent eller uavhengig av landbruket.
- Skogbruk, trelast, jordbruk og næringsmiddelindustri blir fastsett eksogent i analysane av jord- og skogbruket. Verknader for den regionale bakarnæringa blir berekna i eigne analysar.
- Kommunal tenesteyting blir fastsett ut frå berekningar i Panda av endringar i inntekter som kjem av endring i skatteinntekter og innbyggjartilskot som resultat av flyttingar.
- Konsumverknader blir inkludert fordi det generelt er mangel på arbeidsplassar i distrikts-Noreg. Ein reknar med andre ord med at sysselsetting som resultat av landbruk ikkje fortrengjer anna sysselsetting og verdiskaping i regionen.

Desse føresetnadene må ein ta omsyn til når resultata skal tolkast og nyttast.

Storleiken på ringverknadene er i realiteten avhengig av korleis ulike sektorar er knytte saman gjennom kjøp/sal-relasjonar og korleis aktivitet i eit område tenderer til å trekkje til seg annan aktivitet utan at det er konkrete kjøp/sal-relasjonar mellom dei involverte aktørane. I og med at modellen utgjer full proporsjonalitet har det lite å seie kva prosentvis endring i landbruksverksemda i Hordaland vi vel å studere. Føresetnaden om proporsjonalitet er truleg forsvarleg ved mindre endringar i dei regionale aktivitetane. Ved nedlegging av hjørnesteinsbedrifter eller basisnæringar som landbruk, fiskeri- og havbruk, er det likevel grunn til å tru at dei samla verknadene kan bli sterkare enn det resultata frå modellutrekningane viser. Dette fordi ein vil oppleve stor fråflytting og nedlegging av lokal varehandel, grendeskolar, etc. Denne type verknader utover reine kjøp/sal-relasjonar til landbruk og landbruksrelatert verksemd har godt grunnlag i teori om næringsutvikling, men er vanskeleg å kalkulere. Vi tek derfor ikkje med desse i utrekningane av ringverknader.

Vi har valt å sjå bort frå endringar i kraft- og vassforsyning, utanriks sjøtransport, bygging av oljeplattformer, fiskeri/havbruk og fiskeindustri som følgje av landbruksverksemda i Hordaland. Årsaka til dette er at sysselsetting og verdiskaping i desse næringane i stor grad er bestemt ut frå produksjonskapasitet og/eller nasjonal-/internasjonal etterspurnad. Dette vil seie at vi føreset full omstillingsdugleik til andre marknader for desse næringane. Det er sjølvstyk slik at andre næringar/bransjar er omstillingsdyktige og vil klare å finne alternative kundar som eit stykke på veg kan klare å kompensere for det inntektsbortfallet som ei endring av aktiviteten i landbruksnæringa fører med seg. I berekningane har vi valt å sjå bort frå slike effektar. Eit viktig argument for dette er lønnslemsproblem reint generelt for næringslivet utanfor storbyregionane og at det er svak vekstevne i næringslivet i dei områda av Hordaland der jord- og skogbruk har størst verdi som næring. Det same argumentet talar også for å inkludere konsumverknader i berekningane. Underleveransar og lokale lønnskostnader er saman med på å auke det generelle aktivitetsnivået i regionen. Sidan det generelt er mangel på

arbeidsplassar i distrikta, vil auka sysselsetting i ei næring gi auka inntekter for hushalda og auka etterspurnad etter regionale varer og tenester.

Vi har lagt inn egne data knytte til omsetning og sysselsetting i Panda for jordbruk, skogbruk, tilleggsnæringar og landbruksbasert verksemd. Det er aktiviteten i 2011 som er utgangspunkt for våre berekningar. Kjelda for våre oppdateringar er driftsgranskningane i jord- og skogbruket og statistikkbanken SSB.



Foto: © NILF

3 Utvikling i landbruket på Vestlandet

3.1 Utvikling i jordbruket 2003–2013

Vestlandsjordbruket er prega av mange små driftseiningar. Auka krav til produksjonsomfang og effektivitet for å oppretthalde lønsemda i jordbruket har slege hardare ut på Vestlandet enn mange andre stader i landet. I dette kapittelet vil vi vise utviklingstrekk for jordbruket i Hordaland og Sogn og Fjordane samanlikna med landstal for perioden 2003–2013.

3.1.1 Utvikling i tal bruk og jordbruksareal

I 2013 var det 3 141 som søkte om produksjonstilskot i Hordaland og 3 063 i Sogn og Fjordane. Det er ein nedgang i tal søkjarar på høvesvis 19 prosent og 25 prosent frå 2003. Dette er om lag same utvikling som for heile landet, der tal søkjarar er redusert med 22 prosent i same perioden. I 2011 gjekk Hordaland forbi Sogn og Fjordane i tal bønder som søker produksjonstilskot frå Landbruksdirektoratet.


Frå 2003 til 2013 har det vore ein reduksjon på 4 prosent når det gjeld jordbruksareal i alt på landsbasis. For Hordaland og Sogn og Fjordane er det nedgang på høvesvis 6 prosent og 8 prosent. Går vi inn og ser på fulldyrka areal, har det vore nedgang for heile landet på 6 prosent. For Hordaland er det ein nedgang i fulldyrka areal på heile 20 prosent, medan nedgangen i Sogn og Fjordane har vore på 17 prosent. Stor auke i innmarksbeite gjer at jordbruksareal i alt viser mindre nedgang enn fulldyrka areal. Det betyr at det er den mest verdfulle jorda som forsvinn.

Arealdata baserer seg på areal det er søkt tilskot for, så noko av arealet som har forsvunne frå tilskotsregisteret, kan framleis vere i drift. Tabell 3.1 viser utvikling i tal bruk og jordbruksareal i alt for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet frå 2003 til 2013

Tabell 3.1 Tal bruk som søker produksjonstilskot og jordbruksareal i alt i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet


| | År | Jordbruksareal i alt | | Gj.snitt |
|------------------|------|----------------------|------------|----------|
| | | Tal bruk | Tal dekar | |
| Hordaland | 2003 | 3 891 | 425 027 | 109 |
| | 2005 | 3 517 | 422 824 | 120 |
| | 2007 | 3 445 | 425 368 | 123 |
| | 2013 | 3 141 | 399 845 | 127 |
| Sogn og Fjordane | 2003 | 4 103 | 468 167 | 114 |
| | 2005 | 3 735 | 462 442 | 124 |
| | 2007 | 3 594 | 464 548 | 129 |
| | 2013 | 3 063 | 429 111 | 140 |
| Landet | 2003 | 55 027 | 10 249 144 | 186 |
| | 2005 | 50 932 | 10 254 575 | 201 |
| | 2007 | 49 786 | 10 331 251 | 208 |
| | 2013 | 42 923 | 9 839 699 | 229 |

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-910)



Figur 3.1 Kart: Jordbruksareal i drift, kommunar i Hordaland i 2013

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-910)




Figur 3.2 Kart: Endring i jordbruksareal i kommunar i Hordaland frå 2007–2013

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-910)

Kartet i figur 3.1 viser jordbruksarealet i kvar kommune i Hordaland og figur 3.2 viser om kommunane har hatt auke eller nedgang i jordbruksareal frå 2007–2013. Av dei store jordbrukskommunane i Hordaland, har jordbruksarealet i Voss gått ned, medan Kvinnherad og Lindås har fått auka jordbruksareal i denne perioden.

Figur 3.3 viser prosentvis fordeling av jordbruksarealet på ulike arealkategoriar for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet i 2003, 2007 og 2013. I vestlandsfylka er ein mindre del av arealet fulldyrka areal enn for landet.



Figur 3.3 Prosentvis fordeling av jordbruksareal i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2003, 2007 og 2013


Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

For frukt er arealutviklinga ulik for dei ulike fruktslaga. Plommearealet viser ein auke frå 2007–2013. Auken på landsbasis har vore på 19 prosent, i Hordaland 15 prosent og i Sogn og Fjordane 40 prosent.

Etter ei stor satsing på starten av 1990-talet har arealet av søtkirsebær gått ned siste tiåret både i Hordaland og på landsbasis. Sogn og Fjordane hadde ei vellukka satsing i Lærdal, men dei siste åra har arealet gått litt ned også der.


For kjernefrukt har utviklinga vore negativ, særleg gjeld dette pærer. Nedgangen i pæreareal har vore 39 prosent for Hordaland, 40 prosent for Sogn og Fjordane og 37 prosent for landet frå 2007 til 2013. For epleareal har nedgangen vore noko mindre, høvesvis 14 prosent i Hordaland, 7 prosent i Sogn og Fjordane og 6 prosent for landet. Figur 3.4 viser arealutvikling for dei ulike fruktslaga.

Bærproduksjonen i Hordaland er lite omfattande. Jordbærarealet i 2013 har blitt redusert med 34 prosent dersom ein samanliknar med tal frå 2007. Arealet av andre bær (mest bringebær) er redusert med 33 prosent. Sogn og Fjordane har ein omfattande bringebærproduksjon. Arealet har likevel berre auka med 2 prosent i løpet av denne perioden. Det har vore ein stor overgang frå industribær til konsumbær i Sogn og Fjordane i perioden. Jordbærarealet i Sogn og Fjordane har gått noko ned frå 2007. Figur 3.5 viser utvikling i bærarealet. For å kunne samanlikne utviklinga med landstal, er det nytta ulik skala for landstala i denne figuren.



Figur 3.4 Utvikling i areal for dei ulike fruktslaga, Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, dekar, 2003–2013

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)



Figur 3.5 Utvikling i bærareal, Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, dekar, 2003–2013


Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

3.1.2 Utvikling på husdyrbruk

Tal driftseiningar med mjølkeproduksjon i Hordaland er redusert med ein tredjedel frå 2007 til 2013, medan tal mjølkekyr er gått ned med 13 prosent. Sogn og Fjordane har hatt same utvikling som Hordaland. I 2013 var det att 601 bruk med mjølkekyr, 10 901 kyr og gjennomsnittleg buskap var på 18,3 kyr i Hordaland. I Sogn og Fjordane var det 918 bruk, 15 207 kyr og 16,6 kyr i gjennomsnitt.

Reduksjonen i tal mjølkekyr er større en landsgjennomsnittet. Figur 3.6 viser prosentvis reduksjon i tal mjølkebønder og tal kyr og prosentvis auke i tal kyr i gjennomsnitt per bruk for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet frå 2007–2013.


Talet på ammekyr i Noreg har auka med 24 prosent i løpet av perioden, også vestlandsfylka har auka omfanget av ammekyr. Likevel er buskapane berre om lag halvparten av landsgjennomsnittet per driftseining.



Figur 3.6 Prosentvis reduksjon i tal mjølkebønder, tal kyr og tal kyr i gjennomsnitt per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2007–2013

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

Figur 3.7 viser at prosentvis reduksjon i tal bruk med sau har vore størst i Sogn og Fjordane, sauetalet har også gått mest ned i Sogn og Fjordane. Samanlikna med landet er saudeflokkane vesentleg mindre i dei to vestlandfylka, og skilnaden har auka ytterlegare i perioden. Sauetalet er meir eller mindre uendra på landsbasis, medan det har vore ein liten auke i Hordaland på 2 prosent. I Sogn og Fjordane har talet på sau og utegangarsau samla sett gått ned med 9 prosent. Det var 1 868 som søkte om produksjonstilskot for sau i Hordaland i til søknadsomgangen per 1.1.2013. Dei hadde 95 237 sauer, og gjennomsnittsbuskapen var på 51 vinterföra sau (vfs). 260 søkte om tilskot til utegangarsau, 9 999 dyr i alt. I Sogn og Fjordane var det 1 580 søkjarar og 87 948 vfs. Gjennomsnittsbuskapen var på 56 vfs. Berre 40 søkte om tilskot til utegangarsau i Sogn og Fjordane, 2 444 dyr i alt.




Figur 3.7 Endring i tal bruk med sau, tal sau og tal dyr per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2007–2013

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

Endra rammevilkår i svinehaldet, som auke i konsesjonsgrenser, har medført ei større strukturendring i svinehaldet enn i mjølkeproduksjonen. Tal svineprodusentar er redusert med 12 prosent på landsbasis mellom 2007 og 2013 (sjå figur 3.8) I Sogn og Fjordane og Hordaland har nedgangen vore på nærare 32 prosent. Talet på avlsgris per bruk er om lag det halve av landsgjennomsnittet i vestlandsfylka. Svinehaldet på Vestlandet har tradisjonelt vore ein kombinasjon med andre produksjonar som til dømes mjølkeproduksjon. Etter kvart som det er blitt trong for å fornye driftsapparatet, har mange svineprodusentar på Vestlandet falle frå då det ikkje har vore rekningsvarande å investere i mindre målestokk i svinehaldet.

På grunn av stor endring i struktur i svinehaldet og auka produktivitet, er produksjonen av svinekjøtt auka med 21 prosent frå 2003 til 2013 på landsbasis. Dei to vestlandsfylka har hatt ein auke på til saman 21 prosent, som skuldast auka produksjon i både i Hordaland og i Sogn og Fjordane.



Figur 3.8 Endring i tal bruk med avlspurker, tal purker og tal dyr per bruk i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2007–2013

Kjelde: Landbruksdirektoratet (PT-900)

Både i Hordaland og Sogn og Fjordane har tal høner variert frå år til år i perioden frå 2007–2013, men ingen av fylka har stor eggproduksjon. I Hordaland var det 44 fleire som søkte tilskot til høner i 2013 enn det var i 2007, ein auke på heile 51 prosent. På landsbasis har det vore ein jamn auke i tal høner i heile perioden. Når det gjeld tal produsentar, kan ein observere ein liten auke dersom ein ser heile perioden under eitt. Auka konsesjonsgrenser er ei viktig årsak til den store auken i høner per bruk.

3.1.3 Produksjonsomfang

Tabell 3.2 viser utviklinga i produsert mengde mjølk for perioden 2003-2013. I Hordaland er mjølkemengda redusert frå 85 mill. liter i 2003 til 75 mill. liter i 2013 (9 prosent). I Sogn og Fjordane er mjølkemengda redusert frå 107,8 mill. liter til 105,2 mill. liter i same perioden (2,4 prosent). Frå 2007 til 2013 var det ein reduksjon i levert mjølkemengde på ca 3,4 prosent i Hordaland, medan tilsvarande tal for Sogn og

Fjordane var på ca. 2 prosent.⁸ Nedgangen i mjølkeproduksjonen på landsbasis var i same perioden på 1 prosent.

Tabell 3.2 Total mengde kumjolk levert til meieriet, inkl. gardssmør og gardsost berekna som mjolk, mill. liter, i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet

| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Hordaland | 85 | 84 | 83 | 76 | 78 | 77 | 76 | 75 | 74 | 76 | 75 |
| Sogn og Fjordane | 108 | 107 | 106 | 104 | 107 | 104 | 105 | 104 | 101 | 106 | 105 |
| Landet | 1524 | 1520 | 1512 | 1500 | 1541 | 1527 | 1502 | 1506 | 1476 | 1531 | 1525 |


Kjelde: BFJ Resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken 2014 og 2012

Tabell 3.3 Total mjølkekvote i mill. liter, 1999-2008, i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet

| | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 |
|------------------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|------|
| Hordaland | 85 | 84 | 85 | 84 | 84 | 84 | 84 | 85 | 85 | 91 | 87 |
| Sogn og Fjordane | 114 | 113 | 114 | 112 | 114 | 113 | 112 | 113 | 113 | 112 | 117 |
| Landet | 1578 | 1572 | 1581 | 1577 | 1598 | 1599 | 1599 | 1615 | 1615 | 1742 | 1673 |

Kjelde: Landbruksdirektoratet (a)

Figur 3.9 viser kor stor del av mjølkekvote som er seld kvart år i perioden 2001–2008 for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet.



Figur 3.9 Prosentvis oppslutning om sal av mjølkekvote, selt mengde i prosent av total kvote, i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet

Kjelde: Landbruksdirektoratet (a og b)

Tabell 3.4 viser kjøtproduksjon av storfe, svin, sau og fjørfe og produsert mengde egg for åra 2003 og 2013.

Produksjonen av sauekjøt har auka med 4,6 prosent i Hordaland og blitt redusert med 2,9 prosent i Sogn og Fjordane mellom 2003 og 2013. På landsbasis er det ein reduksjon

⁸ Budsjettneemnda for jordbruket. Resultatkontrollen.

i produksjonen av sauekjøtt på 4,6 prosent i same perioden. Produksjonen av storfekjøtt har blitt kraftig redusert i Hordaland. I prosent utgjør nedgangen 12,1 prosent, medan det for Sogn og Fjordane har vore uendra produksjon.


Eggproduksjonen er auka med 37 prosent på landsbasis siste tiåret, medan utviklinga i dei to vestlandsfylka har vore nokså ulik. Hordaland opplevde ein reduksjon på 20 prosent, medan produksjonen auka med 10 prosent i Sogn og Fjordane. Produksjonen av fjørfekjøt er meir enn fordobla på landsplan frå 2003 til 2013. Det var ein reduksjon i Hordaland på nærare 13 prosent i denne perioden. Frå 2008 er det ikkje registrert produksjon av fjørfekjøt i Sogn og Fjordane.

Tabell 3.4 Produsert mengde kjøtt i ulike produksjonar i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, tonn

| | Hordaland | | | Sogn og Fjordane | | | Landet | | |
|-------------|-----------|-------|-------|------------------|-------|-------|---------|---------|---------|
| | 2003 | 2007 | 2013 | 2003 | 2007 | 2013 | 2003 | 2007 | 2013 |
| Storfekjøtt | 4 080 | 3 891 | 3 586 | 5 001 | 5 241 | 4 985 | 87 712 | 84 244 | 83 651 |
| Svinekjøtt | 2 047 | 1 868 | 2 498 | 1 419 | 1 810 | 1 702 | 105 356 | 117 384 | 127 516 |
| Sauekjøtt | 2 058 | 1 993 | 2 153 | 2 137 | 1 983 | 2 076 | 23 907 | 22 929 | 23 555 |
| Egg | 2 473 | 1 647 | 1 992 | 1 216 | 1 531 | 1 339 | 47 528 | 53 094 | 64 998 |
| Fjørfekjøtt | 858 | 980 | 754 | 102 | 36 | - | 49 032 | 70 043 | 104 093 |

Kjelde: BFJ (2014) Resultatkontroll for gjennomføring av landbrukspolitikken

Vestlandsbonden har hatt om lag same utviklinga i vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk som bøndene i resten av landet, men nivået ligg noe under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka til dette er mindre driftseiningar og vanskelegare driftsforhold. Sjølv om fleire av tilskotsordningane kompensere noko for dette, viser driftsgranskingane at inntekta til vestlandsbonden har vore lågare enn gjennomsnittet for landet i heile perioden, sjå figur 3.10.




Figur 3.10 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk på Vestlandet og for landet, gjennomsnitt alle bruk, deflaterte tal, 2004-2013

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane

Strukturen i mjølkeproduksjonen på Vestlandet er i rask endring som elles i landet. Kvotesystemet har gjort at mjølkeproduksjonen vert verande innafor same fylke sjølv om det er stor avgang av mjølkeprodusentar. Spørsmål om talet på mjølkeregionar var ein del av jordbruksoppgjeret 2015, men det vart førebels ikkje gjort endringar i regionane. Vert ei endring til større regionar innført, kan det føre til at mjølkeproduksjonen i Hordaland og Sogn og Fjordane vert redusert.

Gjennomsnittleg mjølkekvote har auka mykje dei siste åra. I Tine Vest sitt område var gjennomsnittleg kvote på 86 000 liter i 2007. Den har auka til 137 000 liter per driftseining i 2013. Oppkjøp av kvote både gjennom staten og via privat ordning, gjer at snittkvoten vert større.


Økonomien i mjølkeproduksjonen i dei to vestlandsfylka har vore stabil dei siste åra. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i Hordaland har lege rundt kroner 210 000 målt i faste kroner frå 2004 til 2013. Dette er litt under nivået for landsgjennomsnittet (sjå figur 3.11).



Figur 3.11 Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk for mjølkeproduksjon på Vestlandet og for landet, 2004-2013, deflaterte tal

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane


Økonomien i sauehaldet på Vestlandet har vore låg gjennom mange år. Buskapane i Hordaland og Sogn og Fjordane har vore små. I driftsgranskingane i Hordaland har middelet lege mellom 100 og 160 vinterfôra sauer siste tiåret. Dette er høgare enn buskapsmiddelet i dei to fylka, då driftsgranskingane berre omfattar dei buskapane som er rekna som yrkesmessig drift. Det vil i praksis seie buskarar større enn 60 vinterfôra sauer. Likevel er økonomien svak. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk har variert mellom kroner 93 000 og kroner 167 000 i perioden (sjå figur 3.12). Dette er godt under landsgjennomsnittet. Hovudårsaka er mindre buskarar og lågare produktivitet. Det har likevel vore ein auke i arbeidsvederlaget kvart år. I 2011 nådde vederlag for sauebruka i Hordaland nesten landsgjennomsnittet. Det har vore moderat kostnadsvekst i sauehaldet samanlikna med andre produksjonar dei siste åra.



Figur 3.12 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk for bruk med sauehald i Hordaland og Sogn og Fjordane og landet, 2004-2013, gjennomsnitt alle bruk, deflaterte tal

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane


Ein vanleg driftskombinasjon i vestlandsfylka er mjølkeproduksjon kombinert med sau. Mjølkekvtane er avgrensande for produksjon av mjølk, og for å utnytte grovfôr og utmarksressursar, er sau eit aktuelt alternativ for mange i tillegg til mjølk. Økonomien i denne produksjonen har vore stabil i perioden frå 2004 til 2013, men er litt svakare enn for dei reine mjølkeprodusentane. Samanlikna med resten av landet er utvikling og nivå omtrent som for mjølkeproduksjon.



Figur 3.13 Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk for bruk med mjølkeproduksjon kombinert med sauehald i Hordaland og Sogn og Fjordane og landet, 2004-2013, gjennomsnitt, deflaterte tal

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane

I enkelte område i dei to fylka er frukt- og bærproduksjon viktig. I Hardanger, Sogn og Nordfjord er det kommunar og bygder med sterke produksjonsmiljø for frukt og bær. Økonomien i fruktnæringa varierer mykje frå år til år i takt med avling og prisar (sjå figur 3.14). Bruka med frukt og bær i driftsgranskingane er i hovudsak lokalisert på Vestlandet. Det er derfor ikkje samanlikningsgruppe for denne produksjonen.



Figur 3.14 *Vederlag til alt arbeid og egenkapital per årsverk for bruk med frukt- og bærproduksjon i Hordaland og Sogn og Fjordane, 2004-2013, gjennomsnitt, deflaterte tal*


Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Foto: © NILF


Investeringar

Det har vore positiv nettoinvestering på driftsgranskingsbruka i Hordaland og Sogn og Fjordane kvart år frå 2004 til 2013. Det vil seie at det har vore investert meir enn kapitalslit og fråsal av driftsmidlar. Akkumulert nettoinvestering i perioden viser likevel at det har vore investert 36 prosent mindre i vestlandsfylka enn for landsgjennomsnittet. Dette vil verke negativt for produksjonsevne i tida framover samanlikna med resten av landet. I 2004 kom krav om lausdrift for mjølkekyr og auke i konsesjonsgrenser for kraftfôrbaserte produksjonar. Det førte til store investeringar i driftsbygningar blant mjølkeprodusentane og svinprodusentane. I 2013 viste driftsgranskningane på ny rekordstor investering. Mjølkeprodusentane investerer framleis stort i driftsbygningar og maskiner. Tilgang på nyare løysningar for innreiing og teknisk utstyr for sauefjøs førte til stor auke i investeringane i driftsbygningane blant saueprodusentane. Figur 3.15 viser årlege nettoinvesteringar for Hordaland og Sogn og Fjordane, og figur 3.16 viser akkumulert nettoinvestering for åra 2004–2013.



Figur 3.15 Nettoinvesteringar per bruk i gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet totalt

Kjelde: NILF, Driftsgranskningane



Figur 3.16 Akkumulert nettoinvestering 2004–2013, gjennomsnitt for Hordaland og Sogn og Fjordane og for landet


Kjelde: NILF, Driftsgranskingane

Nettoinntekt

Nettoinntekt er summen av overskot frå alle næringar, løn, pensjon, trygd og kapitalinntekter med frådrag av gjeldsrenter og kår. Nettoinntekta er eit uttrykk for samla inntekter for brukarfamilien.


I motsetnad til driftsoverskot frå jordbruket, varierer nettoinntekta per bruk lite med driftsform, storleik og region. I praksis viser det seg at brukarfamilien hentar inntekter frå ulike kjelder for å ha ein rimeleg levestandard.

Målt i faste kroner har nettoinntekta for Hordaland auka frå om lag kroner 520 000 i 2004 til i om lag kroner 790 000 i 2013 (sjå figur 3.17). Hordaland har hatt noko høgare nettoinntekt i middel enn Sogn og Fjordane i heile perioden.. Driftsoverskot frå jordbruket utgjorde om lag 37 prosent av nettoinntekta i snitt.



Figur 3.17 Nettoinntekt per brukarfamilie i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2004–2013

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane



Figur 3.18 Del av samla inntekt som kjem frå jordbruket i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2004–2013

Kjelde: NILF, Driftsgranskingane

3.2 Strukturutvikling i skogbruket

Det er i 2013 i alt 10 353 skogeigedommar⁹ i Hordaland. Dette er ein auke frå 2005 på snautt 2 160 eigedommar, dvs. 26 prosent. For landet var auken i talet på eigedommar 10 prosent i same perioden¹⁰. 97 prosent av skogeigedommane i Hordaland er mindre enn 1 000 dekar. Dette er så å seie uendra sidan 2005. For landet er 90 prosent av eigedommane mindre enn 1 000 dekar og delen var uendra frå 2005 til 2013.

I 2013 var det skogavverking for sal på totalt 14 336 eigedommar i landet. I Hordaland var det avverking for sal på 436 eigedommar, eller 4 prosent av alle skogeigedommar i Hordaland. I Sogn og Fjordane var det avverking for sal på 576 eigedommar, eller 8 prosent av skogeigedommane i Sogn og Fjordane. For landet er gjennomsnittleg verdi¹¹ av avverkinga for sal per eigedom på 191 000 kroner, mens den i Hordaland er på 112 000 kroner og i Sogn og Fjordane på 74 000 kroner.

Tabell 3.5 viser produktivt skogareal i Hordaland og Sogn og Fjordane samt i landet, ståande kubikkmasse, årleg brutto tilvekst¹², avverking for sal, samt tal eigedommar og eigedommar over 2 000 dekar.

Produktivt skogareal i Hordaland utgjer 2,6 mill. dekar, noko som tilsvarar 4 prosent av totalt produktivt areal i landet som er på 70 mill. dekar. I Sogn og Fjordane utgjer produktivt skogareal 2,2 mill. dekar, noko som utgjer 3 prosent av det totale produktive skogarealet.

Ståande kubikkmasse er 816 mill. m³ for landet totalt. Det er ikkje publisert tilsvarende tal på fylkesnivå. Ståande kubikkmasse er fordelt mellom fylka med grunnlag i delen av produktivt skogareal. Legg ein dette til grunn, finn ein 4 prosent av ståande kubikkmasse i Hordaland.

Brutto tilvekst under bark er i 2013 23,7 mill. m³ for landet samla sett. Brutto tilvekst i Hordaland er estimert til 950 m³, mens tilsvarende estimat for Sogn og Fjordane er på 820 m³. Tilveksten i Hordaland utgjer 4 prosent av samla tilvekst i landet, mens tilveksten i Sogn og Fjordane utgjer 3 prosent.

Det blir årleg publisert statistikk for avverking for sal på kommunenivå. I tillegg avverkar ein vyrke til eige bruk og vyrke til ved. Det er ikkje publisert statistikk på desse områda.

Det vart avverka om lag 169 000 m³ for sal i Hordaland i 2013, noko som utgjorde 2 prosent av samla avverking i landet. Tilsvarande vart det avverka 150 000 m³ i Sogn og Fjordane, noko som utgjer 2 prosent av samla avverking. Det vart totalt avverka 8,9 mill. m³ i 2013.

Det er totalt 128 641 skogeigedommar¹³ i landet. Åtte prosent av eigedommane ligg i Hordaland, mens 6 prosent av eigedommane ligg i Sogn og Fjordane. Ser ein på tal eigedommar over 2 000 dekar, er det snautt 4 800 eigedommar i landet. 65 av desse ligg i Hordaland (1 prosent), mens 76 ligg i Sogn og Fjordane (2 prosent).

⁹ Eigedom i Landbruksregisteret med minst 25 dekar produktivt skogareal. Ein eigedom er det totale produktive skogarealet ein eigar eig i ein kommune.

¹⁰ Nytt datagrunnlag har medført en auke i talet på skogeiendommar. Se Om statistikken <http://ssb.no/jord-skog-jakt-og-fiskeri/statistikker/stskog/aar/2014-09-30?fane=om#content>

¹¹ Målt som gjennomsnittleg bruttoverdi per skogeigedom med avverking.

¹² Brutto tilvekst er rekna med utgangspunkt i SSB Statistikkbanken.

¹³ Omfattar eigedommar i Landbruksregisteret med minst 25 dekar produktivt skogareal.

Tabell 3.5 Skogareal, stående masse og tilvekst, avverking og eidegdommar i Hordaland, Sogn og Fjordane og landet, 2013


| | Skogareal | Masse og tilvekst | | Avverking industri- vyr- ke for sal (1000 m3) | Tal eideg- om- mar > 25 dekar | Tal eideg- om- mar > 2 000 dekar |
|---------------------|-----------|--------------------|----------------------------|--|---|---|
| | | Ståande 1000 m3 | Tilvekst (i 1000 m3) | | | |
| Hordaland | 2 597 | 34 019 | 956 | 169 | 10 353 | 65 |
| - av landet | 4 % | 4 % | 4 % | 2 % | 8 % | 1 % |
| Sogn og Fjordane | 2 236 | 29 282 | 823 | 150 | 7309 | 76 |
| - av landet | 3 % | 4 % | 3 % | 2 % | 6 % | 2 % |
| Landet | 70 264 | 816 152 | 23 689 | 8 889 | 128 641 | 4 775 |

Kjelde: SSB

Ser vi nærare på det produktive skogarealet i landet, finn vi at Hedmark er fylket med klart størst produktivt skogareal med 12,7 mill. dekar (sjå figur 3.19). Dette utgjer 18 prosent av det samla produktive skogarealet i landet. Hedmark har nesten dobbelt så stort produktivt areal som fylka som følgjer deretter, Nord-Trøndelag og Oppland (høvesvis 6,6 og 6,5 mill. dekar). Buskerud følgjer etter desse med 5,5 mill. dekar produktivt skogareal. Det produktive skogarealet i fylka Østfold, Akershus, Hedmark, Oppland, Buskerud, Vestfold og Telemark utgjer til saman 52 prosent av det produktive skogarealet i landet.




Foto: © Eva Øvren



Figur 3.19 Produktivt skogareal. Fylke. 1 000 dekar. 2013. Rangert etter avtakende areal


Kjelde: Statistikkbanken i SSB

Av kommunane i Hordaland har Voss klart størst produktivt skogareal (sjå figur 3.20). Dette utgjer 13 prosent av det produktive skogarealet i Hordaland. Voss er deretter følgd av kommunane Kvinnherad og Lindås. I desse kommunane utgjer det produktive skogarealet høvesvis 10 og 7 prosent av det produktive skogarealet i Hordaland. Minst produktivt skogareal er det i kommunane Austrheim (10 210 dekar), Sund (9 268 dekar), Fjell (6 641 dekar), Øygarden (3 272 dekar) og Fedje (59 dekar). I figur 3.21 er det produktive skogarealet per kommune presentert i kart.



Figur 3.20 Produktivt skogareal. Kommunar i Hordaland. 1000 dekar. 2013. Rangert etter avtakande areal

Kjelde: Statistikkbanken i SSB



Figur 3.21 Kart: Produktivt skogareal. Kommunar i Hordaland. 2013

Kjelde: Østlandsforskning på grunnlag av Statistikkbanken i SSB

Avverking av skog er den viktigaste kjelda til inntekt frå skogen for dei fleste skog-eigarane. I figur 3.22 er avverking for sal i 1000 m³ frå 2004 til 2014 presentert for Hordaland, Sogn og Fjordane og landet. I tillegg til dette kjem avverking av vyrke til eige bruk og vyrke til vedproduksjon.

I 2013 vart det levert 8,9 mill. m³ tømmer til skogsindustrien. Dette auka til 9,8 mill. m³ i 2014. Det er ein bra auke frå lågmålet 2009 der avverkningsnivået var spesielt lågt som følgje av låge tømmerprisar som igjen var ein følgje av finanskrisa. I perioden 2004–2013 har avverkningsnivået variert. Med unntak av åra 2004, 2006 og 2009 har avverkinga i perioden per år vore større enn 8 mill. m³. Avverkinga i 2013 og 2014 var større enn alle andre år i perioden.


Figur 3.22 viser avverkinga i Hordaland i perioden 2004–2014. Figuren viser at avverkinga i Hordaland bryt med utviklingsmønsteret i landet. Fram til 2006 var avverkningsnivået stabilt på i underkant av 50 000 m³. Etter dette har avverkinga auka, med

unntak av 2009, da det var ein nedgang i forhold til året før. Etter 2009 har avverkningsnivået auka fram til 2012 (til 168 000 m³). For 2012–2013 var avverkinga stabil, mens den har auka noko frå 2013 til 2014 (til 172 000 m³).

Avverkinga i Sogn og Fjordane var frå 2004–2007 noko høgare enn i Hordaland. Frå 2007 til og med 2013 har avverkinga vore lågare enn i Hordaland. I 2014 er avverkinga i Sogn og Fjordane noko høgare enn i Hordaland (177 000 mot 172 000 m³).

Ei forklaring på denne utviklinga i Hordaland og Sogn og Fjordane er eit meir ustabil klima med kraftige stormar som fører til store skadar og vindfall. Til dømes kan ein nemne Dagmar (jula 2011) som førte til store skadar, særleg på Nord-Vestlandet, men også noko i Hordaland. Den 10. januar 2015 slo stormen Nina til. Den gjorde store skadar i Hordaland. Eit estimat frå trygdingslaget Skogbrand går ut på at om lag 300 000 m³ med skog gjekk over ende i stormen, av dette er det tippa at 10–20 prosent var i Rogaland¹⁴. Samanlikna med Dagmar var Nina meir lokal, med størst skade i kommunane Kvinnherad, Stord, Tysnes, Fusa, Lindås og Bergen.

Avverkinga i Hordaland utgjorde 2 prosent av den samla avverking for sal i landet i 2013. Det same gjorde avverkinga i Sogn og Fjordane. Til saman utgjorde da avverkinga i desse to fylka 4 prosent av avverking for sal i landet. Avverkinga i Hordaland som del av samla avverking, har auka i perioden 2004 til 2014, frå 0,5 prosent til 1,9 prosent i 2013 og 1,8 prosent i 2014. Tilsvarende har det også vore i Sogn og Fjordane, frå 0,9 prosent i 2004 til 1,7 prosent i 2013 og 1,8 prosent i 2014.




Figur 3.22 Avverking. 2004–2014¹⁵. 1000 m³. Hordaland, Sogn og Fjordane og heile landet/100

Kjelde: Statistikkbanken SSB

¹⁴ <http://www.vestskog.no/index.jsp?fid=354&pid=6044&aid=3865>

¹⁵ For 2014 er det berre publisert fylkestal i 1000 m³.

I figur 3.23 går det fram avverking per fylke i 2013. Av denne går det fram at Hedmark skil seg klart ut når det gjeld avverking. Dette fylket står åleine for 32 prosent av avverkinga nasjonalt. Avverkinga i Hordaland utgjer som nemnt 2 prosent av samla avverking i landet. Det same gjer avverkinga i Sogn og Fjordane.



Figur 3.23 Avverking. 2013. 1 000 m³. Fylker sortert avtakande.

Kjelde: Statistikkbanken SSB


I 2008 vart det lagt fram ein rapport om Kystskogbruket; Melding om kystskogbruket, prosjekt Kystskogbruket januar 2008¹⁶. Av denne går det fram (s. 15):

«Til kystskogbruket reknar ein i denne samanhengen all skogbruks- og treforedlingsverksemd i kystfylka frå Rogaland til Finnmark. Innanfor dette store området er det rettnok store variasjonar, men det er også mykje likt som gjer det naturleg å sjå dette under eitt i skogpolitisk samanheng.»

Kystskogbruket¹⁷ stod for 18 prosent av avverkinga i 2013 og 19 prosent i 2014. I figur 3.24 er utviklinga i avverkinga innanfor kystskogbruket presentert. I 2004 utgjorde kystskogbruket 13 prosent av avverkinga i landet.

¹⁶ http://www.kystskogbruket.no/userfiles/files/Kystskogmeldinga/Melding_om_kystskogbruket.pdf


¹⁷ Kystskogbruket femner fylka Finnmark, Troms, Nordland, Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.



Figur 3.24 Avverking 2004–2014. 1000 m³. Hordaland, Sogn og Fjordane og kystskogbruket elles

Kjelde: Statistikkbanken SSB


I figur 3.25 er den relative avverkinga i 2013 i kystskogbruksfylka presentert. Av denne går det fram at avverkinga i Trøndelagsfylka utgjør meir enn 50 prosent av samla avverking innanfor kystskogbruket. Avverkinga i Hordaland utgjorde 11 prosent av samla avverking innanfor kystskogbruket i 2013.



Figur 3.25 Avverking 2013. Kystskogbruket. Fylkesvise delar


Kjelde: Statistikkbanken SSB

Figur 3.26 viser avverking per kommune i Hordaland i 2004 og 2013. Voss skil seg ut med 31 prosent av avverkinga i Hordaland i 2013. Avverkinga i Ullensvang utgjorde 16 prosent av samla avverking i 2013. I figur 3.27 er utviklinga i avverking i kommunane Voss og Ullensvang presentert. Avverkinga på kommunenivå vil variere mellom år. Eit meir ustabil klima med stormar og medfølgjande vindfall vil påverke dette i stor grad. Utviklinga i avverking i Voss for 2012 og 2013 kan vere eit uttrykk for dette.



Figur 3.26 Avverking, 2013 og 2004, m³. Kommunar i Hordaland. Sortert avtakande etter avverking i 2013

Kjelde: Statistikkbanken SSB



Figur 3.27 Avverking 2004–2013. m³. Voss og Ullensvang




Foto: © Ivar Pettersen


4 Verdiskaping og sysselsetting i jordbruket i Hordaland

Den totale verdiskapinga for jordbruket i Hordaland, bruttoproduktet, er berekna til 797 mill. kroner i 2013. Det er ein auke på 3,2 mill. kroner frå 2007 rekna i faste 2013-kroner. Til samanlikning er verdiskapinga for Sogn og Fjordane berekna til 885 mill. kroner for 2013. Det er tidlegare berekna verdiskaping for mange fylke. Seinast med utgangspunkt i tal for 2011 for Telemark (Knutsen m.fl., 2013a) og Buskerud (Knutsen m.fl., 2013b). For desse fylka vart verdiskapinga berekna til høvesvis 315 mill. kroner og 655 mill. kroner.

I Hordaland er det Voss som har høgast verdiskaping med 112 mill. kroner. Deretter følgjer Kvinnherad (83 mill. kroner), Ullensvang (79 mill. kroner), og Etne (69 mill. kroner) og Kvam (63 mill. kroner). Det er Kvam og Bergen som har hatt størst nedgang i bruttoprodukt rekna i 2013-kroner frå 2007 til 2013, med høvesvis 9,4 og 8,9 mill. kroner. Sveio og Radøy har hatt størst auke med høvesvis 6,0 og 4,3 mill. kroner. Figur 4.3 viser prosentvis endring frå 2007 (i 2013-kroner) til 2013 for kommunane som hadde bruttoprodukt større enn 10 mill. kroner i 2013. For fylket var endringa på mindre enn 1 prosent.




Figur 4.1 Kart: Verdiskaping jordbruk i kommunar i Hordaland, bruttoprodukt, mill. kroner



Figur 4.2 Verdiskaping jordbruk¹⁸, mill. kroner, kommunar i Hordaland, 2007 og 2013


¹⁸ Verdiskaping frå birøkt vart ikkje fordelt på kommunar i 2007 og er derfor ikkje med i samanlikning mellom åra på kommunenivå.



Figur 4.3 Prosentvis endring i bruttoprodukt frå 2007 (målt i 2013-kroner) til 2013 for kommunar i Hordaland med bruttoprodukt større enn 10 mill. kroner i 2013

4.1 Produksjonsinntekter og kostnader

Produksjonsinntekter inngår som ein viktig del av omgrepet verdiskaping. Produksjonsinntekter er verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året, inkl. offentlege tilskot. Produksjonsinntektene var 1,84 mrd. kroner i 2013. Av dette var marknadsinntektene 1,16 mrd. kroner. Figur 4.4 viser kor stor del av produksjonsinntekter som kjem frå marknaden og kor stor del som kjem frå tilskot for kvar av kommunane i Hordaland. Kommunar med ein samansetning av produksjonar som er retta mot marknaden, til dømes veksthus og frukt, får ein mindre del av inntektene frå tilskot enn kommunar med mykje grovførbasert husdyrhald. Særleg i kommunar der sauehald er viktigaste produksjon, kjem ein stor del av produksjonsinntektene frå tilskot.



Figur 4.4 Prosentvis fordeling av markedsinntekter og tilskot i kommunar i Hordaland, 2013


I modellen for berekning av verdiskaping, er kostnadene delt inn i kostnader til leigd hjelp, kostnader til jordleige, avskrivningar og kostnader til varer og tenester. Kostnader til jordleige og leigd hjelp vert rekna som ein del av verdiskapinga, sjå definisjonen av nettoprodukt side 7.

Sum kostnader utanom jordleige og leigd hjelp er rekna til 1,23 mrd. kroner. Av dette var avskrivningar 180 mill. kroner i 2013.

4.2 Verdiskaping for dei ulike produksjonane i jordbruket

Mjølkeprodusentane står for den største verdiskapinga Hordaland, med 45 prosent av den totale verdiskapinga frå jordbruket. Deretter kjem verdiskaping frå sauehald som

utgjør 27 prosent og frukt- og bærproduksjon med 10 prosent. Figur 4.5 viser prosentvis fordeling av bruttoproduktet på dei ulike produksjonane.



Figur 4.5 Verdiskaping fordelt etter driftsform, Hordaland, 2013

Frå 2007 er verdiskaping frå mjølkeproduksjon redusert med 1 prosent når tal frå 2007 er rekna om til 2013-kroner. Verdiskapinga frå frukt- og bærproduksjon er redusert med 10 prosent. Veksthusproduksjonen i Hordaland er sterkt redusert frå 2007, med 33 prosent, medan både sauehaldet og kjøttproduksjon med ammeku har auka verdiskapinga med høvesvis 19 prosent og 34 prosent.

Tabell 4.1 Verdiskaping i Hordaland for ulike produksjonar 2013 og endring frå 2007¹⁹


| | Bruttoprodukt, mill. kr | Endring fra 2007*, mill. kr | Prosentvis endring |
|----------------------------|----------------------------|--------------------------------|-----------------------|
| Kumjølkk | 357,8 | -2,2 | -1 % |
| Geitmjølkk | 12,6 | -3,5 | -22 % |
| Kjøttproduksjon ammeku | 47,0 | 11,8 | 34 % |
| Sauehald | 215,6 | 34,9 | 19 % |
| Svin | 20,3 | -5,4 | -21 % |
| Egg | 14,5 | -0,5 | -3 % |
| Fjørfekjøtt | 3,3 | -1,1 | -25 % |
| Frukt og bær | 82,2 | -8,7 | -10 % |
| Grønsaker, poteter og korn | 0,8 | -0,6 | -43 % |
| Veksthus og planteskole | 40,4 | -20,2 | -33 % |
| Pelsdyr | 2,1 | 0,9 | 80 % |
| Birøkt** | 0,9 | -2,4 | -72 % |
| Sum | 797,4 | 3,2 | 0,4 % |

* I faste 2013-kroner

** For 2007 ble tal bikubar estimert, i 2013 er tal kubar det er søkt tilskudd til, nytta


4.2.1 Mjølkeproduksjon

Det var 10 901 kyr fordelt på 601 bruk i Hordaland i 2013. Det er 1 582 færre mjølkekyr enn i 2007. Vi har estimert ei samla verdiskaping, målt som bruttoprodukt, på 357,8 mill. kroner i 2013. Marknadsinntektene var på 529 mill. kroner, offentlege tilskot på 270 mill. kroner. Arbeidsforbruket var på 946 årsverk, ein nedgang frå 2007 på 241 årsverk. Voss er kommunen med høgast verdiskaping frå mjølkeproduksjon med 78,0 mill. kroner, etterfølgt av Kvinnherad med 49,3 mill. kroner. Fedje og Askøy har ikkje mjølkeproduksjon.



Figur 4.6 Kart: Verdiskaping i mjølkeproduksjon i kommunar i Hordaland, bruttoprodukt, mill. kroner, 2013

¹⁹ I faste 2013-kr



Figur 4.7 Verdiskaping i mjølkeproduksjon i kommunar i Hordaland, mill. kroner, 2013 og 2007

4.2.2 Produksjon av geitemjøl


Talet på mjølkegeiter er kraftig redusert i Hordaland dei siste åra. Frå 2007 er talet på geiter redusert med 36 prosent, og ved teljedato var det 2 187 mjølkegeiter i Hordaland i 2013. Verdiskaping for denne produksjonen er berekna til 12,6 mill. kroner i 2013, ein nedgang på 22 prosent frå 2007⁶. Det er få kommunar i Hordaland som har stor produksjon av geitemjøl. Størst verdiskaping frå geitemjølproduksjon finn ein i Etne med 5,1 mill. kroner. Kvinnherad (2,8 mill. kroner) og Osterøy (2,0 mill. kroner) har også verdiskapinga frå geitehald på meir enn ein mill. kroner. Dei andre kommunane i fylket har enten ikkje geitehald, eller geitehaldet bidreg med mindre enn ein mill. kroner i verdiskaping.

4.2.3 Sauehald


Sauehaldet står sterkt på Vestlandet, og er den nest største produksjonen målt i verdiskaping i Hordaland. Sauetalet har auka med 2 prosent frå 2007, og var ved inngangen av året på 105 236 dyr i 2013. Av dette var 9 999 utegangarsau. Særleg i kommunane Austevoll, Lindås og Radøy er innslaget av utegangarsau stort, og desse tre kommunane har nær 60 prosent av utegangarsauene i fylket.

Verdiskaping frå sauehaldet er estimert til 215,6 mill. kroner. Marknadsinntektene var på 159,7 mill. kroner og offentlege tilskot 284,6 mill. Samanlikna med 2007 har tilskota auka meir enn marknadsinntektene i sauehaldet. I 2013 var tilskota 64 prosent av dei totale produksjonsinntektene, og det er 10 prosentpoeng meir enn i 2007. Arbeidsinnsatsen i sauehaldet er berekna til 1 167 årsverk i 2013. Det er 72 årsverk meir enn i 2007.

Voss er den kommunen i Hordaland som har størst verdiskaping frå sauehaldet med 24,3 mill. kroner, følgt av Kvinnherad (18,5 mill.), Lindås (17,7 mill.), Sveio (15,8 mill.) og Etne (15,4 mill.).



Figur 4.8 Kart: Verdiskaping i sauehaldet i kommunar i Hordaland, bruttoprodukt mill. kroner, 2013




Figur 4.9 Verdiskaping i sauehald, kommunar i Hordaland, mill. kroner, 2013

4.2.4 Storfeslakt på ammekyr

Ein stor del av kjøtproduksjon på storfe føregår i kombinasjon med mjølkeproduksjon, eller på innkjøpte NRF-kalvar. I modellen er det føresett at denne delen av kjøtproduksjonen er fanga opp på mjølkeproduksjonsbruka.

Fleire som sluttar med mjølkeproduksjon, held fram husdyrhaldet og legg om produksjonen til kjøtproduksjon med ammekyr. Ved teljedato var det 2 791 ammekyr i Hordaland i 2013, 297 fleire enn i 2007. Verdiskaping for produksjonen er berekna til 47,0 mill. kroner i 2013, ein auke på 34 prosent frå 2007. Det er særleg Kvinnherad som har mykje kjøtproduksjon på ammekyr, med ei verdiskaping på 7,0 mill. kroner i 2013.




Figur 4.10 Verdiskaping i kjøtproduksjon på ammeku, kommunar i Hordaland, mill. kroner, 2013

4.2.5 Svinehald

Tal purker har auka med 5 prosent frå 2007 til 2013, til 1 798 dyr, men svinehald er framleis ein liten produksjon i Hordaland. Bruttoproduktet er berekna til 20,3 mill. kroner, knappe 3 prosent av total verdiskaping frå jordbruket. Samanlikna med 2007²⁰ er verdiskapinga frå svinehaldet redusert med drygt 5 mill. kroner. Fordi ein i 2007 berekna verdiskaping frå svinehald i kombinasjon med mjølkeproduksjon, er tala meir usikre for denne produksjonen i 2007 enn for andre produksjonar.

²⁰ I 2007 vart det berekna verdiskaping for svinehald i kombinasjon med mjølkeproduksjon. I ettertid har ein forsøkt å skilje ut verdiskapinga frå mjølkeproduksjonen for denne driftsgreina, slik at ein har eit uttrykk for kor stor verdiskaping som kjem frå svinehaldet.

Etne er kommunen i Hordaland med størst verdiskaping frå svinehald med 11,0 mill. kroner. Det utgjer 54 prosent av verdiskapinga frå svinehaldet i fylket.




Figur 4.11 Verdiskaping frå svinehald, kommunar i Hordaland, mill. kroner, 2013

4.2.6 Egg og fjørfeslakt

Egg og fjørfeslakt er små produksjonar i Hordaland, men det har vore ein auke i talet på verpehøner medan talet på slaktekylling har gått ned. Ved teljedato var det 120 718 verpehøner i fylket, 20 prosent fleire enn i 2007. Verdiskaping frå eggproduksjon har vore om lag uendra frå 2007 med 14,5 mill. kroner. Størst verdiskaping frå eggproduksjon finn ein i Ullensvang med 3,7 mill. kroner. Sjølv om samla verdiskaping frå denne produksjonen har vore om lag uendra på fylkesnivå, har det vore store endringar i kommunane. Medan verdiskapinga har auka i Ullensvang, er den redusert i til dømes Bergen og Etne. Fordi det er lite fjørfehald i Hordaland, vil endring i produksjonen på eitt enkelt bruk, eller nokre få bruk, kunne visast att når ein samanliknar verdiskapinga på kommunenivå.

Det er registrert slakt av kylling frå ni produsentar, totalt 560 tusen dyr, i Hordaland i 2013. I tillegg er det slakta nokre få ender, kalkunar og gjess. Totalt er verdiskapinga berekna til 3,3 mill. kroner frå fjørfeslakt.

Totalt er verdiskaping frå egg- og fjørfeproduksjon berekna til 19,2 mill. kroner i 2013. Figur 4.12 viser samla verdiskaping frå fjørfehald for dei kommunane som har desse produksjonane i 2007 og 2013.



Figur 4.12 Verdiskaping frå egg og fjørfe, kommunar i Hordaland, mill. kroner, 2013

4.2.7 Grønsaker, poteter og korn


Det vert dyrka lite grønnsaker, poteter og korn i Hordaland. Totalt er det søkt om tilskot til 323 dekar i 2013. Verdiskaping frå desse produksjonane er berekna til 0,8 mill. kroner.

4.2.8 Frukt og bær

Ullensvang er den viktigaste fruktkommunen i landet, med 6 084 dekar frukt og bær. Det utgjer om lag 14 prosent av det totale frukt- og bærarealet i landet. I tillegg har Ulvik og Kvam ca. 600 dekar frukt og bær, i resten av fylket er det lite frukt- og bærproduksjon. Omfanget av produksjonen er redusert dei siste åra. Arealet er redusert med 13 prosent frå 2007.

Verdiskapinga frå produksjonen er berekna til 79,9 mill. kroner i Hordaland i 2013, ein reduksjon på 9 prosent frå 2007. Ullensvang står for 74 prosent av verdiskapinga frå frukt og bær i fylket.

Marknadsinntektene utgjer 82,8 mill. kroner og offentlege tilskot 36,1 mill. kroner og arbeidsinnsatsen er berekna til 247 årsverk.



Figur 4.13 Verdiskaping i frukt- og bærproduksjon i kommunane Ullensvang, Ulvik, Kvam, Odda og Bergen, mill. kroner, 2013

4.2.9 Veksthus

I nokre bygder på Vestlandet har veksthus vore ei viktig næring gjennom mange år. Det er stort sett dyrking av snittblomar og potteplanter vi finn i Hordaland. Det er lite grønsaksdyrking i veksthus i fylket, men det vert dyrka noko agurk og salat. I motsetnad til mykje av landbruket elles, er storparten av veksthusnæringa mindre skjerma for import og konkurrerer nærmast fritt på verdsmarknaden. Økonomien har variert mellom anna ved svingande energiprisar og tilbod av rimeleg importvare i marknaden. Mengde verksemdar har falle frå dei siste åra, men framleis er det stor produksjon i enkelte kommunar i Hordaland. Den samla verdiskapinga frå veksthusnæringa er rekna ut til 40,4 mill. kroner og sysselsetting i veksthusproduksjon til 114 årsverk.

Av kommunane i Hordaland er det Kvam som har høgast verdiskaping med 9,6 mill. kroner etterfølgt av Bergen med 4,8 mill. kroner.

4.2.10 Pelsdyr

Produksjon av skinn frå pelsdyr er avhengig av tilhøva på verdsmarknaden, og har svinga mykje dei siste tiåra. Pelsdyrnæringa er også under sterkt press frå dyrevernhald, med stadige oppslag om dårlege tilhøve ved pelsdyrfarmer.

Det er lite pelsdyrproduksjon i Hordaland, og det er ikkje minkproduksjon i fylket. Det aller meste av norsk skinnproduksjonen går gjennom Oslo skinnauksjon. Middeltal for sesongane 2012/2013 og 2013/2014 viser at det vart omsett reveskinn for 3,9 mill. kroner frå fire produsentar i Hordaland, og verdiskapinga er berekna til 2,1 mill. kroner. Det vart lagt ned 5 årsverk i denne produksjonen i 2013.

4.2.11 Birøkt

Då verdiskaping i jordbruket vart berekna for Hordaland og Sogn og Fjordane med basis i tal frå 2007, var det ikkje mogleg å berekne verdiskaping for birøkt på kommunenivå fordi det ikkje var tilgang på data anna enn på fylkesnivå. Frå 2009 vart det innført tilskot til bifolk. Ved berekninga som er gjort med utgangspunkt i tal frå 2013, er det derfor det talet kubar det er søkt tilskot til som er utgangspunkt for utrekninga. I 2013 vart det søkt tilskot til 1 022 bikubar i produksjon. Dette er langt færre enn det talet kubar som vart lagt til grunn for 2007. For å få tilskot må ein ha meir enn 25 kubar. Årsaker til den store skilnaden i tal kubar kan difor vere at ikkje alle som driv

birøkt kan, eller vil, søkje om tilskot, eller det kan ha vore ein reell nedgang i honningproduksjonen. Anslaget som vart lagt til grunn for 2007 på mellom 2 500 og 3 000 bikubar, kan ha vore for høgt. Norges Birøkerlag²¹ opplyser på sine nettsider at dei fire lokallaga i Hordaland representerer 160 medlemmar i 2014, men det er ikkje oppgjeve kor mange bikubar det er i fylket.

Verdiskapinga for birøkt i dei Hordaland er utrekna til 923 500 for 2013 basert på det talet bikubar det vart søkt tilskot til. I tillegg til honningproduksjon har birøkt ei viktig oppgåve med pollinering innan fruktnæringa. På landsbasis vert det rekna med at verdiskapinga for pollinering langt overstig verdien av honningproduksjonen (Norges Birøkerlag). Denne verdien er vanskeleg å fastslå. Meirproduksjonen for frukt- og bærkarane kjem fram som verdiskaping i frukt. Sysselsetjinga i birøkt er utrekna til 5 årsverk i Hordaland.

4.3 Verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar

Dersom ein ser verdiskaping i jordbruket i forhold til tal innbyggjarar i kommunen, gjev det eit uttrykk for kor viktig jordbruksnæringa er for kommunen.


I Hordaland er det Ullensvang som har høgast verdiskaping i jordbruket per innbyggjar med kroner 23 400. Kommunen er ein typisk distriktskommune og har allsidig jordbruk med noko husdyrhald, men er likevel mest kjend for omfattande frukt- og bærproduksjon. Kommunen har ingen store sentra eller hjørnesteinsverksemdar.

Etter Ullensvang følgjer Ulvik med kroner 21 400 og Etne med kroner 17 200. I Hordaland er det kommunane i midtre og indre deler av fylket som har høgast verdiskaping i jordbruket per innbyggjar. Alle kommunane i og rundt Bergen har ei verdiskaping (bruttoprodukt) i jordbruket per innbyggjar mindre enn kroner 1 500 per innbyggjar. Det same gjeld for industrikommunane Odda og Stord og fiskerikommunen Fedje.



Foto: © Hordaland Bondelag


²¹ <http://www.norbi.no/fylkeslokallag.cfm?FuseAction=OrgPres&pAction=View>



Figur 4.14 Kart: Verdiskaping som bruttoprodukt per innbyggjar i kommunar i Hordaland, kroner, 2013



Foto: © Irene Grønningsæter




Figur 4.15 Verdiskaping jordbruk i 2013 per innbyggjar i kommunen i Hordaland, kr

4.4 Sysselsetting i jordbruket


I modellen for berekning av verdiskaping er det lagt inn arbeidsforbruk for dei ulike produksjonane. Modellen kan derfor også seie noko om sysselsettinga i jordbruket. Tal frå modellen viser at det til saman er arbeidd om lag 5 mill. timar i jordbruket i Hordaland i 2013. Dette svarar til 2 700 årsverk á 1 845 timar. Det er ein nedgang på nesten 500 årsverk frå 2007. Størst nedgang har det vore i sysselsettinga i mjølkeproduksjon, med 398 årsverk. Medan det har vore nedgang i sysselsettinga i mjølkeproduksjonen, har det vore ein liten auke i sysselsettinga i sauehaldet, med 72 årsverk frå 2007. Totalt utgjer sysselsettinga i sauehaldet 43 prosent av sysselsettinga i jordbruket i 2013, medan

mjølkeproduksjon på ku og geit utgjør 36 prosent, frukt- og bærproduksjon 9 prosent og kjøtproduksjon med ammeku 5 prosent.




Figur 4.16 Sysselsetting i ulike produksjonar i Hordaland, årsverk, 2013

Det er Voss som har flest årsverk i jordbruket med 366, etterfølgt av Kvinnherad og Ullensvang med høvesvis 271 og 244 årsverk. Saman med Etne, Kvam og Lindås, står desse kommunane for over halvparten av sysselsettinga i jordbruket i Hordaland.



Figur 4.17 Kart: Sysselsetting i jordbruket, årsverk, kommunar i Hordaland, 2013



Figur 4.18 Sysselsetting i jordbruket, kommunar i Hordaland, årsverk, 2013

5 Sysselsetting og verdiskaping i skogbruket

5.1 Sysselsetting i skogbruket

Til grunn for presentasjon av samla sysselsetting innanfor skogbruket ligg SSBs årlege kommunefordelte sysselsettingsstatistikk etter arbeidsstad og arbeidsinnsats i skogbruket registrert i samband med landbruksteljingane i 1999 og 2010²².

I figur 5.1 er sysselsette etter arbeidsstad innanfor næring 02 Skogbruk presentert. Frå 2008 er næringsinndelinga i SSB endra. Det kan derfor vere vanskeleg å samanlikne statistikk før og etter 2008. Vi har sett på data for ny og gammal næringsinndeling. For næring 02 Skogbruk er skilnaden på landsbasis 8 færre sysselsette etter ny næringsinndeling. Ser ein på fylkesnivå, finn vi største skilnaden mellom ny og gammal næringsinndeling i Oppland, der ein etter den nye inndelinga for 02 Skogbruk får 4 færre sysselsette enn etter gammal inndeling. I Hordaland tyder endringa i næringsinndeling at ein får 1 meir sysselsett i skogbruket i 2008, samanlikna med gammal næringsinndeling. Same effekt er det også for Sogn og Fjordane.

Av figuren går det fram at sysselsettinga varierer mellom år. Frå 2011 til 2012 aukar sysselsettinga med 25 prosent på landsbasis. Denne auken skjedde stort sett innan avverking. Ei mogleg årsak kan vere oppryddingsarbeid etter stormen Dagmar som herja i jula 2011. Det er likevel grunn til å tru at dette ikkje kan vere heile forklaringa, da det er registrert auke i sysselsetting i alle fylka. Stormen Dagmar gav verst vêr i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Trøndelag.


Desidert lågaste sysselsetting i skogbruket var det i 2011 og høgast i 2012. Mens tendensen er igjen minkande frå 2012 til 2013.

Vi har lagt på ei lineær trendlinje i figuren. Den viser ein auke i sysselsettinga i perioden, men stor variasjon mellom år gir dårleg forklaringsgrad (R^2).




Foto: © Asbjørn Veidal

²² I samband med landbruksteljingane rapporterer ein timeverk frå skogeigar, ektefelle, driftsleiar, deltakar i samdrift, familie, andre personar.




Figur 5.1 Sysseilsette etter arbeidsstad. Næring 02 Skogbruk: 2000–2007 og Næring 02 Skogbruk og tilhørende tenester: 2008–2013. Landet.

I figur 5.2 presenterer ein sysseilsetting etter arbeidsstad i skogbruket per fylke i 2004 og 2013 mens figur 5.3 viser det same for arbeidsinnsats i skogbruket registrert i samband med landbruksteljingane målt i tal årsverk i 1999 og 2010. Som det går fram av figur 5.3 er arbeidsinnsatsen i skogbruket, i regi av skogeigar, ektefelle, familie m.m., redusert i perioden 1999 til 2010.



Figur 5.2 Sysseilsetting i skogbruket (Næring 02 Skogbruk og tilhørende tenester) etter arbeidsstad rangert etter avtakande sysseilsetting 2013. Fylke. 2004 og 2013

Kjelde: SSB



Figur 5.3 Arbeidsinnsats i skogbruket frå skogeigar, ektefelle, driftsleiar, deltakar i samdrift, familie, andre personar. Fylke. 1999 og 2010

Kjelde: Landbruksteljingane i 1999 og 2010

Skogbruket sysselsette i 2013 flest i fylka Hedmark (1 295 personar), Oppland (715 personar) og Buskerud (706 personar). Ser ein på arbeidsinnsatsen rapportert i 2010, jf. figur 5.3, er den høgast i Oppland (140 årsverk), følgd av Nord-Trøndelag (133 årsverk) og Hedmark (120 årsverk). I Hordaland utgjør denne arbeidsinnsatsen 100 årsverk i 2010. Arbeidsinnsatsen i Hordaland er da relativt stor sett i høve til areal og avverking.

Hedmark fylke ligg også høgast når ein måler sysselsetting som del av total sysselsetting i fylket for 2013 (1,5 prosent), følgd av fylka Oppland (0,8 prosent) og Aust-Agder (0,8 prosent). I Hordaland er 0,1 sysselsette innanfor skogbruksnæringa og i Sogn og Fjordane 0,2 prosent. Dette viser at sysselsetting innanfor skogbruket utgjør ein marginal del av den samla sysselsettinga i dei to fylka. Ser ein på lokaliseringskvotienten²³ er den 0,2 i Hordaland og 0,8 i Sogn og Fjordane. Sett i høve til landet er skogbruksnæringa svært underrepresentert i Hordaland, men også noko underrepresentert i Sogn og Fjordane.

Sysselsettinga i skogbruket i Hordaland har auka frå 79 personar i 2004 til 148 personar i 2013, og delen sysselsette i skogbruket av samla sysselsetting har auka

²³ Ein lokaliseringskvotient i ei næring gir eit uttrykk for den relative verdien av næringa i ein region i høve til den relative verdien næringa har i landet.

(frå 0,04 til 0,06 prosent). Klart flest tal på sysselsette i 2013 finn vi i Voss (24 personar), følgd av kommunane Bergen (19 personar), Ullensvang (14 personar) og Kvam, Granvin og Kvinnherad (alle med 11 personar). Dette utgjer 61 prosent av alle sysselsette i skognæringa i fylket.

Frå 2000 til 2013 har sysselsettinga i Hordaland innanfor skogbruk dobla seg. Av den næringsfordelte sysselsettingsstatistikken går det fram at det for perioden 2008 til 2011 har vore ein svak vekst innan næringskoden Tenester knytte til skogbruket²⁴ (9 personar) og i perioden 2011 til 2013 har auken skjedd innan avverking (25 personar). I kommunane Ullensvang, Granvin, Kvam og Bergen har det i perioden vore ein auke i sysselsettinga på 8 til 10 personar. I Ullensvang og Granvin er det talet på sysselsette innanfor 'tenester knytte til skogbruket' som aukar. I Kvam og Bergen aukar talet på sysselsette i alle næringsundergrupper.

Som nemnt er arbeidsinnsatsen i skogbruket registrert i samband med landbruks- teljingane redusert. I 2010 utgjorde denne arbeidsinnsatsen 100 årsverk i Hordaland. Voss (13 årsverk), Kvinnherad (10 årsverk), Lindås (7 årsverk) og Kvam (7 årsverk) er kommunane med høgast registrerte arbeidsinnsats. Arbeidsinnsatsen i desse kommunane utgjer 37 prosent av samla arbeidsinnsats i fylket.

5.2 Verdiskaping i skogbruket

Avverking av skog er den viktigaste kjelda til inntekt frå skogen for dei fleste skogeigarane. I 2013 vart det levert 8,9 mill. m³ tømmer til skogsindustrien. Dette auka til 9,8 mill. m³ i 2014. Det er ein stor auke frå lågmålet 2009 der avverkningsnivået var særleg lågt på grunn av låge tømmerprisar som igjen var ei følgje av finanskrisa.

Avverkinga i Hordaland utgjorde 2 prosent av den samla avverkinga for sal i landet i 2013. Det same gjorde avverkinga i Sogn og Fjordane. Til saman utgjorde avverkinga i desse to fylka 4 prosent av avverking for sal i landet.

Avverking av industrivyrke for sal er ikkje einaste inntektskjelda frå skogeigedommen. SSB rekna årleg fram til og med 2012 totalrekneskapen for skogbruket. Inntekter som i totalrekneskapen blir tillagd skogeigedommen er i tillegg til avverking, inklusive eige vyrke og vyrke til ved, juletre og pyntegrønt, jakt (berre jakt som blir leigd ut) og netto tilvekst. Det er uvisse ved verdiskapingsutrekningane både på fylkes- og kommunenivå, da tilgangen på verifiserte data varierer. Alle elementa som inngår i totalrekneskapen og føresetnadene vi har lagt til grunn for å rekne ut kor mykje av totalrekneskapen for skog som kan tilskrivast ressursar og aktivitet i Hordaland, går fram av kapittel 2.2.2. I grove trekk er det hogstkvantumet samt lagerendring eller netto tilvekst som utgjer produksjonen innanfor næringa skogbruk.

Bruttoproduktet/verdiskapinga i skogbruket for fylka Hordaland og Sogn og Fjordane går fram av tabell 5.1. Tabellen viser at bruttoverdi på avverking av tømmer for sal i 2013 i Hordaland var på om lag 49 mill. kroner²⁵. Tilsvarande for Sogn og Fjordane var på om lag 43 mill. kroner. Av tabellen går det fram at avverking for sal samt verdien av netto tilvekst utgjer 86 prosent av skogprodukt i alt i Hordaland og 84 prosent i Sogn og Fjordane.

Vi har valt å ta med uttak av energiflis, da det er gjort i andre fylke der tilsvarande utrekningar er gjorde. I 2013 vart det utbetalt 36 mill. kroner i tilskot innanfor ordninga

²⁴ Vi gjer merksam på at det i perioden har skjedd endringar i SSBs standard for næringsinndeling, noko som kan påverke resultatet. Eit anna moment er at opplysningar på kommunenivå ofte er basert på få registreringar. Feilregistreringar vil kunne skje og gi relativt store utslag.

²⁵ Netto avverking ligg til grunn. Avfall i form av røte, ikkje nyttbare toppar m.v. er ikkje med (<http://www.ssb.no/vis/skogav/om.html>)

med uttak av vyrke til bioenergi. Frå og med 2014 er ordninga avvikla. Det vart ikkje utbetalt tilskot til uttak av vyrke til bioenergi i Hordaland i 2013. Til Sogn og Fjordane vart det utbetalt 61 000 kroner i tilskot i 2013.

Juletre og pyntegrøntproduksjonen gir også bidrag til verdiskapinga i skogbruket. I Hordaland utgjør produksjon av juletre og pyntegrønt 7 prosent av skogprodukt, mens den i Sogn og Fjordane utgjør 3 prosent. Dei viktigaste fylka for denne produksjonen er Rogaland og Vestfold når ein legg areala blant medlemmene i forsøksringen Norsk juletre til grunn.

Når det gjeld jakt, er bidraget til verdiskapinga om lag like stort som bidraget frå juletre og pyntegrønt i Hordaland (6 prosent). I Sogn og Fjordane er bidraget frå jakt noko større samanlikna med juletre og pyntegrønt (7 prosent).

Samla verdi for skogprodukt i alt er i 2013 på 173 mill. kroner i Hordaland og 147 mill. kroner i Sogn og Fjordane.

Produksjon av tenester i skogbruket gjeld investeringsarbeid i skogkultur, tømmermåling, driftsplanar og skogplantar og entreprenørtenester (Zahirovic, 2012). For Hordaland og Sogn og Fjordane er verdien av denne produksjonen rekna til å utgjere høvesvis 30 og 26 mill. kroner. Verdien av eige arbeid ved skogkultur og bygging av skogsvegar er rekna å utgjere 2 og 1,7 mill. kroner i høvesvis Hordaland og Sogn og Fjordane.


Etter dette er verdien av samla produksjon innanfor skogbruksnæringa i Hordaland 204 mill. kroner og i Sogn og Fjordane 175 mill. kroner i 2013. Produksjonen fråtrekt produktinnsatsen gir bruttoproduktet for skogbruket. Brutttoproduktet/verdiskapinga i skogbruket for Hordaland er 157 mill. kroner. Tilsvarende er verdiskapinga i skogbruket i Sogn og Fjordane 134 mill. kroner.

Tabell 5.1. Brutttoproduktet/verdiskapinga i skogbruket. 2013. Hordaland og Sogn og Fjordane

| | 2013 i 1000 kr | |
|--|----------------|------------------|
| | Hordaland | Sogn og Fjordane |
| Tømmer for sal | 48 849 | 42 697 |
| Tømmer til eige bruk | 1 772 | 2 267 |
| Ved til sal og eige bruk | 218 | 7 000 |
| Energiflis | - | 61 |
| Juletre og pyntegrønt | 11 309 | 4 316 |
| Jakt | 10 770 | 9 696 |
| Nettotilvekst | 99 924 | 81 407 |
| Skogprodukt i alt | 172 842 | 147 444 |
| Produksjon av tenester for skogbruket | 29 511 | 25 795 |
| Verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsvegar | 1 964 | 1 717 |
| Sum inntekter | 204 318 | 174 955 |
| Produktinnsats | 47 329 | 41 368 |
| Brutttoproduktet i skogbruket | 156 989 | 133 587 |

Kjelde: Eigne utrekningar på grunnlag av m.a. SSB (sjå kapittel 2.2.2)

I figur 5.4 er det gitt eit oversyn over dei ulike bidraga frå skogprodukta til bruttoproduktet i den einstilte kommunen i Hordaland i 2013. Avverking gjeld avverking for sal, vyrke til eige bruk og til ved.



Figur 5.4 Skogprodukt i alt. Verdi avverking, energiflis, juletre og pyntegrønt, jakt og nettotilvekst. 2013. Kommunar i Hordaland. Rangert avtakande etter samla verdi for skogprodukt i alt. 1000 kroner

Kjelde: Eigne utrekingar på grunnlag av m.a. SSB (sjå kapittel 2.2.2)


Av figuren går det fram at bidraget frå skogprodukta er klart størst i Voss, deretter følgjer Kvinnherad, Ullensvang, Lindås og Bergen. Dei ulike bidraga frå produkta varierer mellom desse kommunane, sjå figur 5.5. Minst bidrag finn vi i kommunane Fjell, Øygarden og Fedje.

Ser ein nærmare på den einsskille kommunen i Hordaland, er bruttoverdien på avverking for sal klart størst i Voss (16 mill. kroner). I Eidfjord, Sund og Fedje var det ikkje registrert avverking for sal til industri i 2013.

Det er stor variasjon mellom kommunane når det gjeld nettotilvekst, eller lagerendring²⁶. I Ullensvang var det i 2013 negativt bidrag frå nettotilvekst til bruttoproduktet²⁷.

I figur 3.27 så vi nærare på avverkinga og utviklinga i denne for Ullensvang og Voss for perioden 2004–2013. I Ullensvang har det vore ein auke i avverkningsnivået frå eit lågmål i 2005 fram til 2010, med ein kraftig auke i 2011. I 2012 fall avverkningsnivået til litt under nivået i 2010, mens det auka frå 2012 til 2013. Ser vi på Voss, fall avverkinga frå 2004–2007. Det auka i 2008, men fall til eit lågmål i 2009. Samanlikna med 2009 var det ein stor auke i avverkinga i 2010. I 2011 var avverkinga om lag som i 2010. I 2012–2013 har det vore ein stor vekst.

I figur 5.5 har vi sett nærmare på dei relative bidraga frå skogprodukta i kommunane Voss, Kvinnherad, Ullensvang, Lindås og Bergen. Av figuren går det fram at det er stor variasjon mellom desse kommunane. I kommunane Voss og Ullensvang utgjer verdien på avverking meir enn 60 prosent av det samla bidraget til skogprodukta, mens i Kvinnherad utgjer denne berre 10 prosent. Når det gjeld netto tilvekst, utgjer denne om lag 80 prosent i Kvinnherad, mens den er negativ i Ullensvang i 2013, og sett til 0.




Figur 5.55.6 Dei relative bidraga til skogprodukta. Voss, Ullensvang, Bergen, Lindås og Kvinnherad. 2013. Sortert etter avtakande bruttoverdi avverking.

I figur 5.6 er bruttoprodukt/verdiskaping i skogbruket i den einsskille kommunen i Hordaland for 2013 presentert. I figur 5.7 er tilsvarende framstilt med kart. Av figurane går det fram at størst verdiskaping frå skogbruket finst i kommunane Voss (20 mill. kroner), Kvinnherad (14 mill. kroner) og Lindås (10 mill. kroner). Minst verdiskaping frå skogbruket finn vi i kommunane Fjell (0,5 mill. kroner), Øygarden (0,3 mill. kroner) og Fedje (0,1 mill. kroner).

I vedlegg 5 er bruttoprodukt frå skogbruket for kommunane i Hordaland i 2013 presentert.


²⁶ Sjå tabell 2.4 for utrekning av nettotilvekst (føresetnader).

²⁷ I dei tilfella vi kjem fram til negativ tilvekst for ein kommune, blir denne sett lik null ved utrekning av bruttoproduktet per kommune.



Figur 5.7. *Bruttoprodukt/verdiskaping i skogbruket. 2013. Kommunar i Hordaland. Rangert etter avtakande bruttoprodukt. 1 000 kr*

Kjelde: Eigne utrekningar på grunnlag av m.a. SSB (sjå kapittel 2.2.2)



Figur 5.8 Kart: Bruttoprodukt/verdiskaping i skogbruket i kommunar i Hordaland, 2013

Inntekta til skogeigarane er noko heilt anna enn samla produksjon i skogbruksnæringa. Om vi tek ut tømmer til eige bruk, netto tilvekst, produksjon av tenester og verdien av eige arbeid ved skogkultur og ved bygging av skogsvegar, finn vi eit overslag på omsetning og verdiskaping i gardsskogbruket i Hordaland. Dette går fram av tabell 5.2.

Av tabellen går det fram at omsetninga i gardsskogbruket i Hordaland i 2013 er på 71 mill. kroner og verdiskapinga er 24 mill. kroner. I Sogn og Fjordane er tilsvarende tal; omsetning: 64 mill. kroner og verdiskaping: 22 mill. kroner.

I desse tala er vyrke til vedproduksjon og utleie av jakt inkludert, mens sal/utleie/festeavgift fast eigedom, guiding/betaling for jaktopplevingar, gardssagbruk og anna foredling av tre ikkje er inkludert. Med unntak av avverking for sal, er verdien av tilleggsnæringane slik som jakt og vedproduksjon rekna med utgangspunkt i eit sett av føresetnader, jf. kapittel 2.2.2.

Tabell 5.2 Omsetning og verdiskaping i gardsskogbruket. Hordaland. 2013

| | 2013 i 1000 kr. | |
|-----------------------------------|-----------------|------------------|
| | Hordaland | Sogn og Fjordane |
| Tømmer for sal | 48 849 | 42 697 |
| Ved til sal og eige bruk | 218 | 7 000 |
| Skogsflis | - | 61 |
| Juletre og pyntegrønt | 11 309 | 4 316 |
| Jakt | 10 770 | 9 696 |
| Skogprodukt i alt (sum inntekter) | 71 146 | 63 770 |
| Produktinnsats | 47 329 | 41 368 |
| Bruttoproduktet i skogbruket | 23 818 | 22 402 |

Kjelde: Eigne utrekningar på grunnlag av m.a. SSB (sjå kapittel 2.2.2)

Det er grunn til å tru at det vil vere avvik mellom inntektene skogeigarane oppnår og desse berekningane av verdiskaping. I tillegg er det grunn til å tru at ein del kalkulerte inntekter frå jakt og vedproduksjon som er med i totalrekneskapsen over, jf. Tabell 5.1, ikkje er med i næringsinntekta frå skogbruket. Avverkingsinntektene varierer mellom år. Skatteovens § 14-81²⁸ opnar for at det innanfor skogbruket kan gjerast ei inntektsutjamning og gjennomsnittlikning ved at inntekta blir fastsett til gjennomsnittleg årsinntekt dei siste fem heile kalenderåra.



Foto: © Marta Bjørgum Meland

Tabell 5.3 viser eit utdrag av inntektsstatistikken for 2013 frå SSB. Av tabellen går det fram at om lag 700 personar hadde positiv næringsinntekt frå skogbruket i Hordaland i 2013. I Sogn og Fjordane var det 680 personar med positiv næringsinntekt frå skogbruket. Gjennomsnittleg næringsinntekt frå skogbruket i Hordaland var i 2013 på 19 000 kroner, til saman 13 mill. kroner for fylket samla. Gjennomsnittleg inntekt frå skogbruket på landsbasis var i 2013 på 37 000 kroner. Desse skogeigarane i Hordaland hadde ei total inntekt frå jordbruket på 108 mill. kroner og ei samla brutto inntekt på 373 mill. kroner i 2013. Vi ser vidare av tabellen at inntekta frå skogbruket utgjer berre 4 prosent av brutto inntekt. Denne delen i Hordaland er høgare enn i Sogn og Fjordane,

²⁸ LOV 1999-03-26 nr 14: Lov om skatt av formue og inntekt.

der skogbruksinntekta utgjer 3 prosent av brutto inntekt. På landsbasis utgjer skogbruksinntektene 6 prosent av brutto inntekt.

Tabell 5.3 **Inntekter for skogeigarar med positiv næringsinntekt frå skogbruket. Hordaland, Sogn og Fjordane og landet. 2013**

| | Tal skog- eigarar med positiv nærings- inntekt skog- bruk | Gjennom- snittleg nærings- inntekt skogbruk (kr) | Total inntekt skog-bruk (mill. kr) | Total inntekt jordbruk (mill. kr) | Total brutto inntekt (mill. kr) | Inntekt skogbruk som del av inntekt jordbruk (prosent) | Inntekt skogbruk som del av brutto inntekt (prosent) |
|------------------|--|---|---|--|--|--|---|
| Hordaland | 706 | 19 000 | 13 | 108 | 373 | 12 % | 4 % |
| - av landet | 3 % | 51 % | 2 % | 3 % | 3 % | 61 % | 57 % |
| Sogn og Fjordane | 676 | 15 000 | 10 | 123 | 349 | 8 % | 3 % |
| - av landet | 3 % | 41 % | 1 % | 3 % | 3 % | 40 % | 46 % |
| Landet | 20 980 | 37 000 | 776 | 3 797 | 12 294 | 20 % | 6 % |

Kjelde: SSB



Foto: © Ivar Pettersen

6 Verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert tilleggsnæring

I dei seinare åra har det vore satsa mykje på tilleggsnæringar i landbruket. Det har vore lagt vekt på å nytte ut alle ressursane på gardsbruket i næringsssamanheng. Bygdeutviklingsmidlar har vore eit viktig verktøy i arbeidet med å leggje til rette for nye næringar knytt til norske gardsbruk. Det har mellom anna vore satsa på landbruksbasert reiseliv og foredling av råvarene som vert produsert lokalt slik at ein større del av verdiskapinga vert verande på bruket. Inn på tunet er ei anna satsing. På Inn på tunet-gardane vert garden nytta som arena for ulike velferdstenester.

I NILFs driftsgranskingar i jord- og skogbruk blir tilleggsnæringar definert som: «Næringsverksemd utanom tradisjonelt jord- og skogbruk, med basis i ressursane på bruket. Det gjeld innsats av areal, bygningar, maskiner etc., men ikkje personressursar eller kompetanse.» SSB definerer tilleggsnæring på omtrent på same måte som NILF, men inkluderer pelsdyr, birøkt og utleige av jord til jordbruksformål som tilleggsnæring. Dette blir definert som jordbruk i driftsgranskingane og i våre berekningar, og inngår derfor ikkje i berekning av verdiskaping frå tilleggsnæringar.

Berekningane av verdiskaping i tilleggsnæringar er baserte på frekvenstal frå SSB (2013b) og økonomidata frå bruk som er med i driftsgranskingane til NILF. Metode og datagrunnlag er nærare omtalt i kapittel 2.


Datagrunnlaget for tilleggsnæringane er mangelfullt samanlikna med jordbruket. Det gjer at tala knytt til berekningane for tilleggsnæring er meir usikre enn for jordbruket. På kommunenivå vil tala knytt til berekningane vere meir usikre enn på fylkesnivå, men dei bør likevel kunne gje eit godt bilde av kor viktige tilleggsnæringane er.

6.1 Frekvens for ulike tilleggsnæringar

Å ha ein eller fleire tilleggsnæringar er relativt vanleg for jordbruksføretaka. I landbruksteljinga i 2010 henta SSB²⁹ inn opplysningar om kor mange som driv tilleggsnæring, og kva for tilleggsnæringar som vert drivne. I gjennomsnitt viser teljinga at 51 prosent av føretaka i Hordaland driv ei eller fleire tilleggsnæringar. Det er relativt lite samanlikna med andre fylke i landet. Berre dei tre fylka i Nord-Noreg og Rogaland har færre føretak som driv med tilleggsnæring enn Hordaland. Sogn og Fjordane ligg rett over Hordaland med 53 prosent.

Kor stor del av bruka som driv tilleggsnæring, varierer mykje frå kommune til kommune. Samnanger og Eidfjord er kommunane med størst innslag av tilleggsnæring i Hordaland, med høvesvis 74 prosent og 71 prosent.

²⁹ Kjede: SSB statistikkbanken (c)



Figur 6.1 Kart: Bruk med tilleggsnæring i kommunar i Hordaland, prosent, 2010


Kjelde; SSB statistikkbanken (c)

Til dette prosjektet har SSB levert eigne datasett om tilleggsnæring i Hordaland og Sogn og Fjordane. Desse datasetta er meir detaljerte enn det som er publisert om tilleggsnæring, og desse tala er ikkje offentlege. I modellen er tilleggsnæring delt inn i ni ulike driftsgreiner. Med denne inndelinga er det 2 672 ulike tilleggsnæringar i Hordaland. Dette er høgare enn talet bruk som driv tilleggsnæring fordi det er mange bruk som driv meir enn ei tilleggsnæring. Totalt er det 1 705 bruk som har rapportert at dei driv tilleggsnæring i Hordaland.

Datasettet frå SSB er frå landbruksteljinga i 2010. Det finst ikkje nyare tal som viser frekvens av tilleggsnæring på kommunenivå. Sjølv om talet bruk er redusert mellom 2010 og 2013, vert frekvenstala frå SSB derfor likevel brukt for å berekne verdiskaping for tilleggsnæring.

Det er viktig å vere klar over at ein høg prosentvis del av tilleggsnæringar i ein kommune med få jordbruksføretak, kan bety mindre samla for kommunen enn ein låg frekvens i ein kommune med mange jordbruksføretak.

Leigekøyring og utmarksnæring er dei mest vanlege tilleggsnæringane i Hordaland. Det er 643 som har svart at dei driv leigekøyring, og 617 som har svart at dei driv ei eller anna form for utmarksnæring. Også vedproduksjon er vanleg, 516 har kryssa av for dette. Det kan vere litt individuelt korleis den enkelte forstår spørsmåla i landbruksteljingane, slik at det kan vere nyttig å sjå nokre av næringane i samanheng. Til døme kan det hende at det er ein glidande overgang mellom utleige og turisme, eller mellom turisme og utmarksnæring.



Figur 6.2 Tal bruk med ulike tilleggsnæringar i Hordaland, 2010

Kjelde: SSB (2015)

Inn på tunet (IPT)

Dei siste åra har det vore stor merksemd rundt Inn på tunet-aktivitetar. Av 113 som dreiv med tenesteyting i Hordaland i 2010, var det så mange som 75 som kryssa av for at dei dreiv med Inn på tunet. Akershus og Hordaland er dei to fylka med flest Inn på tunet-føretak som er registrerte hos Matmerk, med høvesvis 51 og 49 føretak i januar 2015. Av kommunane er Bergen den kommunen i landet som har flest IPT-føretak med 13 godkjente føretak og 5 som er under godkjenning av Matmerk. Inn på tunet er ein verna logo, og alle som ønskjer å presentere seg under denne logoen, må vere godkjente av Matmerk. I tillegg til dei godkjente Inn på tunet-føretaka, er det også ein del som driv tilsvarende aktivitet, men utan å vere godkjente av Matmerk.

For 2013 var det på landsbasis med 20 bruk som hadde Inn på tunet-aktivitetar i driftsgranskingane. Det er ikkje krav om at føretaka skal vere godkjente av Matmerk for at dei skal klassifiserast med denne driftsforma i driftsgranskingane. Av dei 20 var det ni som hadde godkjenning frå Matmerk. For dei godkjente bruka var omsetninga i gjennomsnitt på kroner 253 600, med eit driftsoverskot på kroner 175 800. I gjennomsnitt ga Inn på tunet-aktiviteten på desse bruka ei sysselsetting på 725 arbeidstimar.

Ei gransking som vart gjennomført blant godkjente Inn på tunet-føretak vinteren 2015, viste at det er stor spreiding både i kva aktivitetar som vert drivne, og i omfang. Undersøkinga viste at eit stort fleirtal ser for seg at Inn på tunet-aktivitetane vil auke i framtida (Knutsen og Milford, 2015).


6.2 Verdiskaping i tilleggsnæring

Berekninga av verdiskaping og sysselsetting i tilleggsnæringar er basert på frekvenstala frå SSB og økonomiske data frå driftsgranskingane for 2013. Det er stor skilnad i kor mykje dei ulike tilleggsnæringane bidrar til sysselsetting og økonomisk resultat, derfor treng ikkje høg frekvens å gje høg verdiskaping. Fordi SSB ikkje har opplysningar om omfanget av tilleggsnæringane, er det omfanget i driftsgranskingane som vert nytta i modellen. Ein veit ikkje kor representative bruka i driftsgranskingane er for tilleggs-

næring. Derfor er tala i berekningane for tilleggsnæringar meir usikre enn for jordbruksproduksjonen.

Grensegangen mellom tilleggsnæring og tradisjonelt jord- og skogbruk kan av og til vere uklar. For eksempel for vedproduksjon er verdien av trevirket med i skogbruket, medan meirverdien ved foredling til ved, kjem som tilleggsnæring. Produksjon av juletre og pyntegrønt er definert som tilleggsnæring i landbruksteljinga, men vert også rekna som ein del av skogbruket. Her kan derfor noko av verdiskapinga bli rekna både som tilleggsnæring og som skogbruk, men det vil likevel ha lite å seie for resultatata.


Verdiskaping frå tilleggsnæringar, rekna som bruttoprodukt, er berekna til 133,1 mill. kroner for Hordaland i 2013. Frå 2007 har verdiskaping frå tilleggsnæring auka med ca. 12 prosent³⁰. Størst verdiskaping kjem frå leigekjøring med 43,2 mill. kroner og turisme med 22,1 mill. kroner.



Figur 6.3 Bruttoproduct frå ulike tilleggsnæringar i Hordaland, mill. kroner, 2013

Av kommunane er det Voss som har størst verdiskaping frå tilleggsnæring med 14,7 mill. kroner, følgt av Kvinnherad med 12,5 mill. kroner, Kvam og Ullensvang, begge med 11,4 mill. kroner.


³⁰ I 2007 vart det nytta nettoprodukt som uttrykk for verdiskaping. Ein har her samanlikna nettoprodukt 2013 med inflasjonsjustert nettoprodukt frå 2007.



Figur 6.4 Kart: Bruttoprodukt frå tilleggsnæring, kommunar i Hordaland, mill. kroner, 2013



Foto: © NILF




Figur 6.5 Verdiskaping frå tilleggsnæring, kommunar i Hordaland, mill. kroner, 2013

6.3 Sysselsetting i tilleggsnæring


Med utgangspunkt i tal frå driftsgranskingane frå 2013 og frekvenstal frå SSB frå 2010, er sysselsettinga i tilleggsnæring for Hordaland berekna til 263 årsverk. Det er 6 årsverk mindre enn ein kom fram til i 2007.

Størst sysselsetting i tilleggsnæring finn vi i turisme med 30 prosent, deretter leigekjøring med 28 prosent. Det er stor skilnad på kor stor sysselsettinga er i ulike tilleggsnæringar. Medan utleige står for 13 prosent av verdiskapinga i tilleggsnæring, er berre 2 prosent av sysselsettinga knytt til utleige. Når det gjeld turisme, er 30 prosent av sysselsettinga i tilleggsnæring knytt til driftsgreina, medan 17 prosent av verdiskapinga kjem derifrå. Figur 6.6 viser tal årsverk for ulike tilleggsnæringar i Hordaland i 2013.



Figur 6.6 Sysselsetting i ulike tilleggsnæringar i Hordaland, årsverk, 2013

Dei fire kommunane Ullensvang, Kvinnherad, Voss og Kvam er om lag jamstore i tal årsverk i tilleggsnæring, med mellom 25,4 og 24,1 årsverk. Det er dei same kommunane som har størst verdiskaping frå tilleggsnæring også, men fordi samansetninga av driftsgreiner er ulik, vert Ullensvang størst om ein reknar tal årsverk.



Figur 6.7 Tal årsverk frå tilleggsnæringar, kommunar i Hordaland, 2013


7 Verdiskaping og sysselsetting i landbruksbasert verksemd

7.1 Jordbruksbasert verksemd

Jordbruket i Hordaland har mykje å seie for råvaretilgangen til næringsmiddelindustrien i fylket, samtidig som jordbruket er avhengig av næringsmiddelindustrien for å få avsetning på sine produkt. Næringsmiddel- og drikkevareindustrien sysselsette til saman 3 181 personar i Hordaland i 2013 (ekskl. fiskeforedling). Det totale talet arbeidsplassar innan næringsmiddelindustrien som avheng av jordbruket i fylket, er lågare fordi somme produsentar innan nemnde industri anten baserer råstoffet på andre verksemder enn jordbruk og/eller hentar råstoffet utanfor fylket. Vår drøfting av tilknytninga næringsmiddelindustrien har til jordbruket, er basert på sysselsettingsstatistikk og ikkje på faktisk import/eksport av råstoff.

Før vi går nærmare inn på dei ulike tilknytningane næringsmiddelbransjar har til jordbruket, presenterer vi tal på arbeidsplassar og sysselsettingsutvikling innan dei to næringane. Produksjon av drikkevarer inngår vidare som ein del av næringsmiddelindustrien og den utgjer 10 prosent av totalt tal arbeidsplassar innan nemnde industri. Nær alle drikkevarearbeidsplassane er lokaliserte i bryggeriverksemd i Bergen. Fiskeforedling blir gjerne også sett som ein del av næringsmiddelindustrien, men er ikkje inkludert i det som nedanfor blir omtala som næringsmiddelindustri.


Figur 7.1 og 7.2 viser høvesvis fylkesfordelt og kommunefordelt tal sysselsette innan næringsmiddelindustrien (ekskl. fiskeforedling) og jordbruket i 2013. Hordaland er det femte største fylket i næringsmiddelindustrien og det sjetteste i skogbruket målt i tal arbeidsplassar. Oslo har flest arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien, og Rogaland har flest arbeidsplassar i jordbruket.



Figur 7.1 Tal på sysselsette innan jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Hordaland i 2013 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt og sortert etter tal arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien

Kjelde: Panda og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Drikkevarer er ein del av næringsmiddelindustrien, mens fiskeforedling er halde utanfor

I 8 av Hordalands 33 kommunar var det ingen registrerte arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien i 2013. I andre enden av skalaen ligg Bergen kommune med heile 80 prosent av næringsmiddelarbeidsplassane (ca. 2 500 arbeidsplassar) i fylket. Deretter følgjer Vaksdal og Voss med rundt 100 arbeidsplassar i nemnde industri. Voss skil seg elles ut, saman med Kvam og Kvinnherad, med over 300 arbeidsplassar innan jordbruket.




Figur 7.2 Tal på sysselsette innan jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Hordaland i 2013 (per 4. kvartal). Kommunefordelt og sortert etter arbeidsplassar i næringsmiddelindustrien

Kjelde: Panda og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Drikkevarer er ein del av næringsmiddelindustrien, mens fiskeforedling er halde utanfor.

Arbeidsplassutviklinga innan jordbruket og næringsmiddelindustrien sidan 2008 er presentert som prosentvis endring i figur 7.3 og 7.4. Jordbrukssektoren har hatt tilbakegang i alle 19 fylka i landet, mens næringsmiddelindustrien har hatt nedgang i 13 av fylka. I Hordaland var sysselsetningsnedgangen i næringsmiddelindustrien i perioden 2008–2013 på 28 prosent, mot 21 prosent nedgang for landet totalt. Talet på


arbeidsplassar i jordbruket fall med 13 prosent i Hordaland og 4 prosent nasjonalt i perioden i same perioden.



Figur 7.3 Prosentvis endring i sysselsette innanfor jordbruket og næringsmiddelindustrien frå 2008 til 2013 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt

Kjelde: Panda og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Drikkevarer er ein del av næringsmiddelindustrien, mens fiskeforedling er halde utanfor

Blant Hordalands 33 kommunar er det berre Fitjar og Os som har hatt sysselsettingsvekst i jordbruket i perioden 2008–2013, men veksten i begge kommunane er marginal. Kraftigast nedgang finn vi i Bergen kommune, deretter Kvam, Kvinnherad, Voss, Etne og Ullensvang. I relative storleikar (prosentar) er også fallet klart størst i Bergen kommune (-68 prosent). Innan næringsmiddelindustrien skil Lindås seg ut på plussida med sysselsettingsvekst sidan 2008. Dei andre kommunane har anten tydeleg nedgang eller tilnærma stabilt nivå. Også her er fallet i absoluttverdiar størst i Bergen kommune, men også Os kommune har eit kraftig fall. Utviklinga i næringsmiddelindustrien er naturleg nok påverka av dei store næringsmiddelprodusentane, geografiske plasseringar og satsingar på produksjonsanlegg.




Figur 7.4 Endring i talet på sysselsette innan jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Hordaland frå 2008 til 2013 (per 4. kvartal). Kommunefordelt

Kjelde: Panda og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Tal for Bergen er dividert med 5 av skalamessige omsyn. Drikkevarer er ein del av næringsmiddelindustrien, mens fiskeforedling er halde utanfor

Kva næringane har å seie for sysselsettinga i Hordaland kan målast ved hjelp av lokaliseringkvotientar. Ein lokaliseringkvotient for ei næring gir eit uttrykk for kva relativ rolle næringa har i ein region i høve til på nasjonalt nivå. Dersom ein har ein lokaliseringkvotient på 1, er verdien av næringa like sterk som på nasjonalt nivå. Ein lokaliseringkvotient på 2 seier at det relativt sett er dobbelt så mange sysselsette som på landsbasis. Lokaliseringkvotienten for ei næring er med andre ord eit uttrykk for kor avhengig ein region (i vårt tilfelle eit fylke) er av ei næring.

Figur 7.6 viser lokaliseringkvotientane for jordbruket og næringsmiddelindustrien i 2013 for alle fylka i landet. Innan jordbruk skil fylka Nord-Trøndelag, Hedmark, Oppland og Sogn og Fjordane seg ut med sterk overrepresentasjon. Dei nemnde fylka er også overrepresenterte innan næringsmiddelindustrien. Sterkast overrepresentasjon finn vi her elles i Østfold med ein lokaliseringkvotient i overkant av 2.


I Hordaland er lokaliseringkvotientane for både næringsmiddelindustrien og jordbruket mindre enn 1; dvs. at begge næringane er underrepresenterte samanlikna med det ein finn på landsbasis.



Figur 7.5 Lokaliseringkvotientar for jordbruket og næringsmiddelindustrien i 2013. Fylke

Kjelde: Panda og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Drikkevarer er ein del av næringsmiddelindustrien, mens fiskeforedling er halde utanfor


På kommunenivå er berre Etne, Austevoll og Vaksdal overrepresentert innan næringsmiddelindustrien. Dette er befolknings- og arbeidsplassmessig heller små kommunar der bakarverksemd bidreg til høg lokaliseringkvotient i denne næringa. Bergen kommune har ein lokaliseringkvotient lik 1 i nemnde industri, dvs. tilsvarande delen av næringsmiddeltilsette i kommunen som i landet totalt. Innan jordbruk er 18 av Hordalands 33 kommunar overrepresenterte i høve til landsgjennomsnittet. Ullensvang er sterkast overrepresentert med relativt sett 6 gonger så mange sysselsette i jordbruket som i landet totalt. Deretter følgjer landbrukskommunane Ulvik, Kvam, Etne og Sveio.



Figur 7.6 Lokaliseringskvotientar for jordbruket og næringsmiddelindustrien i kommunar i Hordaland i 2013

Kjelde: Panda og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Drikkevarer er ein del av næringsmiddelindustrien, mens fiskeforedling er halde utanfor

Figur 7.7 nedanfor viser lokaliseringskvotientar for Hordaland fylke brotne ned på ulike bransjar innan næringsmiddelindustrien. Dette er gjort for å gi eit bilete av dei bransjar som har mest å seie næringsmessig i fylket. Hordaland er overrepresentert innan korn- og stivevareproduksjon, ligg om lag på landsgjennomsnittet i produksjon av drikkevarer og foredla fiskeprodukt og er underrepresentert innan bakarindustri, meieri, fôrproduksjon og foredling av frukt og grønt. Samleposten «Produksjon av andre næringsmidlar» gjeld produksjon av kaffi, sukker, supper, buljong, kunsthonning, karamell, kunstige konsentrat og ferdigretter. Den høge lokaliseringskvotienten kjem av Kaffe-uset Friele og Orkla Foods Toro i Bergen.




Figur 7.7 Lokaliseringkvotientar for bransjar i Hordaland innan næringsmiddelindustrien i 2013

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. *Mjølkk og andre meieriproduserte drikkevarer ligg inn under «Produksjon av meierivarer og iskrem»

Som sagt uttrykkjer lokaliseringkvotientane kor stor del det er av totalt tal arbeidsplassar i ei næring i høve til landsgjennomsnittet. Lokaliseringkvotientane gir ikkje eit bilete av kva bransjar eller næringar som sysselset flest i ein region. Til dømes er berre 4 prosent av arbeidsplassane i næringsmiddelindustrien innan korn- og stiveproduksjon, sjølv om dette er den næringa med høgast lokaliseringkvotient. Fiskeforedling er den største næringsmiddelbransjen med ein fjerdedel av næringsmiddelarbeidsplassane.



Foto: © Brattenborg



Figur 7.8 Bransjefordeling av sysselsette i næringsmiddelindustrien i Hordaland, 2013

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Sentralt i dette prosjektet er ei vurdering av avhengnadsforholdet mellom jordbruket og næringsmiddelindustrien i Hordaland. Vi vil i dei neste avsnitta drøfte dette med utgangspunkt i sysselsettingstal på bransjenivå.

Meieribransjen er den største bransjen mellom dei med eit avhengnadsforhold til lokalprodusert råstoff frå jordbruket. Tine Meierier har produksjonseiningar i kommunane Voss, Kvam og Bergen. Kavlis arbeidsplassar er delt mellom bransjane meieri og bakarindustri, på grunn av høvesvis produksjon av smørjeostar og kornprodukt. Innan deira meieriverksemd blir elles ein del av råstoffet importert frå Q-meieriet på Jæren. Legg vi til mindre ysteriverksemd i fylket, og iskremprodusenten Isbjørn Is på Askøy, får vi samla 545 sysselsette innanfor meieri- og iskrembransjen i Hordaland.

Bakarbransjen og industriell produksjon av matkorn har historisk sett vore ein av dei bransjane innan næringsmiddelindustrien med sterkast avhengnad til jordbruket. Det var 700 arbeidsplassar i bakar- og pastabransjen i 2013 i Hordaland. Denne bransjen baserer seg sjølvsagt framleis på råstoff frå jordbruket, men truleg er det i avgrensa grad avhengnad av lokalt råstoff. Bakar- og pastabransjen er derfor ikkje inkludert mellom dei bedriftene med eit avhengnadstilhøve til jordbruket i Hordaland. Matkornprodusentene sysselsette 156 personar i 2013. Dei største føretaka her er Lantmännen og Norgesmøllene, begge med hovudkontortener i Bergen. Førstnemnde har møller i Moss og Oslo, mens Norgesmøllene har produksjonsanlegg i Skien, Buvika, Stavanger og på Vaksdal. Det er ein fare for å overestimere verdien av lokalt jordbruk for arbeidsplassar i matkornproduksjonen, da delar av produksjonen er lokalisert i andre delar av landet..

Vi reknar med at alle arbeidsplassane i kjøttindustrien har eit avhengnadstilhøve til jordbruket i fylket. I 2013 var det rundt 270 sysselsette i denne typen industri, og det var flest arbeidsplassar ved produksjonsanlegga til Nortura. I samband med dette må det nemnast at Nortura Bergen, som ekspederer varer for distribusjon på Vestlandet, er

vedteke nedlagt. Aktiviteten blir flytta til Nortura Forus, Rogaland, tidleg i 2016³¹. Elles kan nemnast mellomstore bedrifter på rundt 20 tilsette, så som Fana kjøt og Solheim kjøt i Bergen, Ivar Løne og Vossakjøt i Voss og ei rekkje mindre produsentar av kjøt og fjørfevarer i fylket.

Drikkevareindustrien i Hordaland er dominert av bryggeriverksemd i Bergen. Denne typen aktivitet er ikkje avhengig av lokalt jordbruk³². Det same gjeld for Kaffehuset Friele og Orkla Foods Toro, som utgjer storparten av arbeidsplassane i samleposten «Andre næringsmidlar». Fiskeribasert næringsmiddelindustri blir sjølvstøtt også halden utanfor i analysane våre. Ein fjerdedel av næringsmiddelarbeidsplassane i Hordaland er innan fiskeforedling. Generelt er fôrindustrien anten jordbruksbasert eller fiskeribasert. I Hordaland var det rundt 180 arbeidsplassar i fôrindustrien i 2013, av det ca. 70 av arbeidsplassane i bedrifter (Felleskjøpet Vaksdal og Fiskå Mølle) med leveransar til jordbruket, og som ein reknar å vere jordbruksbasert.

Tabell 7.1 nedanfor viser dei næringane som etter vår meining er avhengig av råstoff frå jordbruket i Hordaland. Vi ser at 936 personar er tilsette i den delen av næringsmiddelindustrien som er sterkt relatert til jordbruket. I tillegg er delar av engroshandelen avhengig av jordbruket. Dette gjeld særleg for potet-/fruktpakkeri og grønsaksforhandlarar med høgt innslag av lokale salsvarer. I SSBs næringsstatistikk er dei klassifiserte under næringskoden 46.310 «Engroshandel med frukt og grønsaker». I Hordaland sysselsette denne næringa 219 personar i 2013.

Tabell 7.1 Oversikt næringsmiddelindustri og engroshandel i Hordaland med eit avhengnadsforhold til råstoff frå Hordaland, 2013

| Næring | Tilsette 2013 |
|--|---------------|
| Produksjon, bearbeiding og konservering av kjøtt og fjørfe | 266 |
| Bearbeiding og konservering av frukt og grønsaker | 5 |
| Produksjon av meierivarer og iskrem | 545 |
| Produksjon av kornvarer | 156 |
| Produksjon av fôrvarer (ekskl. fiskebasert) | 70 |
| Engroshandel med frukt og grønsaker | 219 |
| Sum jordbruksbasert Hordaland | 1 261 |
| Produksjon av bakarvarer | 700 |
| Produksjon av andre næringsmidlar (ekskl. fiskeforedling) | 1138 |
| Drikkevareindustri | 407 |
| Sum drikkevareproduksjon og jordbruksbasert engroshandel og næringsmiddelindustri | 3 506 |

Kjelde: Næringsfordelt sysselsettingsstatistikk SSB

I totaltalet på 1 261 sysselsette med avhengnad til jordbruket i Hordaland er det ein fare for at vi overestimerer avhengnadstilhøvet noko. For somme produsentar vil situasjonen ikkje vere kritisk om dei ikkje lenger har tilgang på lokalt råstoff. I ein situasjon utan jordbruk i Hordaland kan det tenkjast at det vil bli importert ein del råstoff frå andre fylke som blir vidareforedla og selt til forbruk i regionen. Vi veit også at det i dag blir


³¹ <http://www.nortura.no/presse-nyheter/nortura-flytter-frå-bergen-trondheim-og-lillehammer-article37433-11445.html>

³² Produksjon av juice av frukt og grønsaker er i offisiell statistikk plassert i bransjen «Bearbeiding og konservering av frukt og grønsaker».

importert noko råstoff, jf. nemnde Kavlis import av råstoff frå Jæren. På den andre sida har vi halde alle sysselsette innan bakarvarer utanfor, og her kan det tenkjast at noko produksjon er basert på lokalt råstoff.

7.2 Skogbruksbasert verksemd

I Hordaland utgjer skogbruket, som i dei andre vestlandsfylka, ein svært liten del av den samla næringsaktiviteten. I 2013 var det registrert 148 arbeidsplassar i fylket innanfor skogbruksnæringa³³. Faktisk utført arbeid i skogen er noko høgare, dette sidan arbeidsinnsatsen utført av skogeigar eller andre i familien ikkje inngår i sysselsettingsstatistikken med mindre skogeigar eller andre i familien hentar meir enn 50 prosent av samla inntekt frå skogbruket. Voss er den største skogkommunen med 24 registrerte arbeidsplassar i 2013. Deretter følgjer Bergen med 19 arbeidsplassar. Elles har heile 9 av dei 33 kommunane i fylket ingen registrerte sysselsette i skognæringa.




Figur 7.9 Sysselsette i skogbruket og tenester knytte til skogbruk per 4. kvartal 2013. Fylkesfordelt og sortert etter talet på arbeidsplassar i skogbruket

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Den næringsmessige verdien av skogbruket i dei ein skilde fylka har vi, som i jordbruksavsnittet, målt ved hjelp av lokaliseringskvotientar. Skogbruket er sterkast

³³ Næringskoden 02 Skogbruk omfattar delnæringane 02.1 Skogskjøtsel, 02.2 Avverking, 02.3 Innsamling av viltveksande produkt av andre enn tre og 02.4 Tenester knytte til skogbruk

overrepresentert i Hedmark, etterfølgd av Oppland og Nord-Trøndelag. Det er berre Oslo, Rogaland og Finnmark der skogbruket har mindre næringsmessig verdi enn i Hordaland.



Figur 7.10 Lokaliseringkvotientar for skogbruket i 2013, fylke

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning


Industrisektorane som avheng av råstoff frå skogbruket finn vi innan trelast-, trevare-, treforedlings- og møbelproduksjon. I tillegg er bioenerginæringa også avhengig av råstoff frå skogbruket. I nokre tilfelle kan dette vere restprodukt med låg alternativverdi eller vyrke som tidlegare ikkje har hatt kommersiell bruk som blir nytta som råstoff til energiproduksjon. I andre tilfelle vil råstoff til bioenergi vere i direkte konkurranse med alternative avsetningsformer som for eksempel massevyrke til papirindustrien, flis og spon til plateindustrien, byggjematerialar osv. Nærings- og sysselsettingsmessige konsekvensar av jordbruksleveransar til bioenerginæringa er vanskeleg å talfeste. Det kjem mellom anna av at effekten vil avhenge av om bioenergiproduksjonen kjem i tillegg til, eller i staden for, anna verksemd med utgangspunkt i same type råstoff. Vidare er det utfordrande å identifisere og avgrense bioenerginæringa med utgangspunkt i offentleg statistikk. I dei tilfella bioenerginæringa er ei tilleggsnæring innanfor eksisterande sektorar, er det ikkje mogleg å hente ut sysselsettingsstatistikk knytt til bioenergi. Dessutan er sysselsettingsstatistikken basert på standarden for næringsgruppering. Den har ikkje eigne kodar for produksjon og overføring av varmtvatn, damp og elektrisitet som er basert på bioenergi. For tre- og møbelindustri er det derimot mogleg å hente ut statistikk og påfølgjande tabell viser sysselsettinga i Hordaland i desse sektorane.

Tabell 7.2 Tal på sysselsette i verksemder i Hordaland som heilt eller delvis er avhengig av råstoff frå skogbruk og skogbruksindustri i 2013

| Næring | Tilsette 2013 |
|-----------------------------|---------------|
| Trelast- og trevareindustri | 764 |
| Treforedlingsindustri | 18 |
| Møbelindustri | 181 |
| Sum | 963 |

Kjelde: Næringsfordelt sysselsettingsstatistikk SSB

Sysselsettinga innan trelast- og trevareindustrien i Hordaland på 764 i 2013 fordeler seg med 103 sysselsette innan trelast (saging, høvling og impregnering av tre), 55 innan produksjon av monteringsferdige hus, 546 innan produksjon av bygningsartiklar og 60 innan emballasje, rammeproduksjon og anna trevareproduksjon. Innan treforedling (papir- og papirvareindustri) var det 18 sysselsette i 2013, mens det innan møbelproduksjon var 181 sysselsette. Dette gir til saman 963 sysselsette innan verksemder som er heilt eller delvis avhengig av råstoff frå skogbruket.



Figur 7.11 Sysselsette per 4. kvartal 2013 innan skogbruksbasert verksemd. Fylkesfordelt og sortert etter talet på sysselsette i trelast- og trevareindustrien

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

Samla sett er bedriftene innan trevare-, treforedlings- og møbelindustri i liten grad avhengig av leveransar av trevyrke frå skogbruk og skogbruksindustri i Hordaland. Dei største trevareindustribedriftene har 50–60 sysselsette, og bransjen er dominert av aktivitet innan produksjon av dører og vindauge. Vareinnsatsen er ofte gjennomarbeidde treprodukt, og verksemdene er i all hovudsak uavhengig av trevyrke frå eige fylke. Det same kan nok ikkje seiast om trelastindustrien. Innanfor saging, høvling og impregnering av tre var det som nemnt 103 sysselsette i Hordaland i 2013, og vi reknar med at alle desse arbeidsplassane er avhengig av lokalt råstoff.

Innan treforedling er nær alle sysselsette i selskapet Profil Emballasje i Vaksdal kommune. Bransjen er truleg i svært beskjeden grad avhengig av kor vidt det er tilgjengeleg vyrke frå skogane i Hordaland.

Møbelindustrien i fylket består i stor grad av bedrifter med relativt få tilsette. Dei to største er Faginnredning og Kleppe Møbelfabrikk med rundt 20 tilsette på kvar. Vi vil tru at møbelprodusentar reint generelt ikkje er avhengig av trevyrke frå skogbruk eller skogbruksindustri i Hordaland. Vurderinga byggjer på at trevyrke berre blir nytta i delar av produksjonen og at mykje av dette trevirket igjen er importert frå andre regionar eller utlandet.

Oppsummert reknar vi at trelastindustrien, med sine 103 arbeidsplassar, er avhengig av vyrke frå skogen i Hordaland, mens dei resterande 661 arbeidsplassane i treindustrien og 181 arbeidsplassane i møbelindustrien ikkje er det.

7.3 Relatert verksemd

Det er ein del verksemd i Hordaland utover dei gjennomgatte industrisektorane som vi vil tru har sin aktivitet lokalisert til fylket på grunn av landbruket. Vi tenkjer da først og fremst på FoU-basert næringsverksemd, undervisning og offentleg administrasjon som er landbruksbasert. I tabell 7.3 presenterer vi sysselsette i landbruksrådgiving og anna FoU-verksemd og undervisning. Aktiviteten er i stor grad retta mot jordbruksbasert verksemd. Tenester knytte til skogbruket, så som skogeigarforeiningar etc., er inkludert i sysselsettingstala for skogbruket. Ein del av rådgivingsverksemda og FoU-arbeidet innan næringsmiddelindustri har vi for å unngå dobbeltteljing valt å ikkje ta med her, da arbeidsplassane gjerne er registrerte på produksjonseiningane og ligg inne i sysselsettingstala i næringsmiddelindustrien. Vi tenkjer da spesielt på rådgivingsverksemda til Tine.

Tabell 7.3 Tal på sysselsette innan landbruksrelatert verksemd i Hordaland

| | Landbruks- Basert |
|---|----------------------|
| Landbruksrådgiving og anna FOU-verksemd | 26 |
| Undervisning | 47 |
| Sum | 73 |
| Korrigert | 58 |

I Hordaland er det til saman 13 sysselsette i landbruksrådgiving. Anna FoU-verksemd er Bioforsk sin aktivitet i Ullensvang. Undervisning gjeld landbruksfagleg sysselsette innanfor naturbruk, dvs. dei vidaregåande skulane Hjeltnes, Stend og Voss. Dei spesialiserte undervisningstilboda ved dei nemnde skulane hadde truleg ikkje eksistert

utan den sterke posisjonen landbruket har i fylket. Truleg er sum sysselsette for høg spesielt innan undervisning, men truleg også innan somme andre sektorar fordi ein del av verknadene kan bli fanga opp i ringverknadsberekningane. Basert på Kjesbu m.fl. (2009) reduserer vi talet i denne sektoren med 20 prosent. Den korrigererte summen blir brukt i dei vidare berekningane.

I Hordaland er det også arbeidsplassar innan offentleg administrasjon og tenester som er sterkt relatert til landbruket. Finansieringa av desse arbeidsplassane er i stor grad gjennom statsbudsjettet og tilhøyrande kostnadsnøklar som viser behovet innan landbruket. I tabell 7.4 nedanfor er det gjort eit overslag på sysselsette innan offentleg administrasjon og tenester relatert til landbruket. Tala er noko underestimerte, da dei baserer seg på tal årsverk runda opp til nærmaste heiltal. Sysselsette innan mattilsyn, Innovasjon Norge og Fylkesmannen baserer seg på opplysningar frå dei respektive institusjonane, mens sysselsette i primærkommunane er basert på data frå Fylkesmannens landbruksavdeling.

Tabell 7.4 Landbruksrelatert offentleg administrasjon og tenester i Hordaland

| | Landbruksbasert |
|---------------------------|-----------------|
| Mattilsyn | 12 |
| Innovasjon Norge | 5 |
| Fylkesmann/Primærkommunar | 64 |
| Sum | 81 |

7.4 Verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket i Hordaland

I det følgjande har vi rekna verdiskapinga i landbruksbasert industri som kan seiast å vere i eit avhengnadsforhold til landbruket i Hordaland. Verdiskapinga er målt i bruttoprodukt. Dette er først og fremst utrekna med grunnlag i sysselsette innanfor landbruksbasert industri i Hordaland (sjå kapittel 7.1 og 7.2).

For å rekne ut verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket i Hordaland, har vi i dette prosjektet lagt til grunn tilsvarande metode som den vi la til grunn for tilsvarande utrekning for Hedmark og Oppland (sjå Lien mfl. (2012) og Lurfald m.fl. (2012)).

Berekninga tek utgangspunkt i siste offentlege tal publisert for fylkesfordelt BNP fordelt på næringsgrupper (2012), samt sysselsetting etter arbeidsstad 2013, per næring og kommunefordelt. Det er i berekninga føresett at total verdiskaping innanfor den ein-skilde næring i kommunane er uendra frå 2012 til 2013. Dette utgjer grunnlag for ei utrekning av verdiskaping per sysselsett innanfor den ein-skilde næringa. Det er vidare føresett likt bruttoprodukt per sysselsett innanfor den ein-skilde næringa. Kommunefordelt bruttoprodukt blir rekna ut på grunnlag av kommunefordelt sysselsetting innanfor den ein-skilde næringa. Vidare reknar vi ut bruttoprodukt for næringar med avhengnadsforhold til landbruket, ved å ta utgangspunkt i talet på sysselsette med avhengnad av landbruket, jf. kapittel 7.1 og 7.2. Dette utgjer grunnlag for synsmåtene knytte til delar av verdiskapinga i den ein-skilde kommunen. Vi gjer merksam på at dette

er ei forenkla tilnærming. Vi meiner at estimert verdiskaping er avgrensa til landbruksbasert industri og vidare til aktivitet som vi tidlegare i dette kapitlet har definert som avhengig av jordbruk og skogbruk i Hordaland. Det inneber at verdiskaping innanfor anna landbruksbasert verksemd, slik som til dømes landbruksrådgiving og undervisning, ikkje er inkludert.



Foto: © Tor Henrik Øye


Av figur 7.12 går det fram verdiskaping i landbruksbasert industri i den einkilde kommunen i Hordaland målt som bruttoprodukt i 2013. I figur 7.13 er tilsvarande framstilt med kart.

Verdiskapinga er fordelt på jordbruksbasert og skogbruksbasert industri. Av figur 7.12 går det fram at Bergen skil seg klart ut som kommunen med størst verdiskaping innanfor landbruksbasert industri og at så å seie all verdiskaping er innanfor jordbruksbasert industri. Samla verdiskaping i Bergen er på i overkant av 900 mill. kroner. Det er ingen andre kommunar i Hordaland som har tilsvarande verdiskaping innanfor landbruksbasert industri. Verdiskapinga i Bergen utgjer 69 prosent av samla verdiskaping innanfor landbruksbasert industri i fylket.

Kommunane som følgjer, Voss og Vaksdal, har høvesvis ei verdiskaping på snutt 90 mill. kroner og i overkant av 80 mill. kroner. For begge desse kommunane er verdiskapinga også i all hovudsak knytt til jordbruksbasert industri.


I kommunane Stord, Fitjar, Tysnes, Jondal, Odda, Eidfjord, Austevoll, Fjell, Modalen, Meland, Øygarden, Austrheim og Fedje er det ingen landbruksbasert industri ein kan seie er avhengig av lokalt råstoff.

I kommunane Bømlo, Radøy, Lindås, Masfjorden, Sund, Samnanger, Ulvik og Os er verdiskapingane innanfor denne industrien mindre enn 5 mill. kroner.



Figur 7.12 Verdiskaping målt som bruttoprodukt landbruksbasert industri fordelt mellom jordbruksbasert og skogbruksbasert industri. Kommunar i Hordaland med bruttoprodukt >1 000 000 kroner. 2013

Kjelde: Eigne utrekningar basert på fylkesfordelt nasjonalrekneskap og næringsfordelt sysselsettingsstatistikk SSB



Figur 7.13 Kart: Verdiskaping målt som bruttoprodukt landbruksbasert industri. Kommunar i Hordaland. 2013

Kjelde: Eigne utrekningar basert på fylkesfordelt nasjonalrekneskap og næringsfordelt sysselsettingsstatistikk SSB

I tabell 7.5 presenterer vi eit estimat per kommune for samla verdiskaping (bruttoprodukt), verdiskaping innanfor landbruksbasert industri og kva denne utgjør av verdiskapinga i kommunen. Kor mykje delen av verdiskapinga i landbruksbasert industri med eit avhengnadsforhold til landbruket i Hordaland utgjør av samla verdiskaping, varierer mellom kommunane. Verdiskapinga i landbruksbasert industri målt i kroner er størst i Bergen kommune (897 mill. kroner) følgd av kommunane Voss (89 mill. kroner) og Vaksdal (87 mill. kroner).

Verdiskapinga innanfor landbruksbasert industri utgjør 1 prosent av samla verdiskaping i Hordaland. Ser vi nærmare på kommunane, utgjør denne verdiskapinga i industrien 7 prosent av samla verdiskaping i både Granvin og Vaksdal kommune.

Tabell 7.5 Verdiskaping i landbruksbasert industri med avhengnadsforhold til landbruket i Hordaland. Sortert avtakende etter del av bruttoprodukt i kommune. Mill. kroner og %. 2013


| Bruttoprodukt kommune (mill. kr) | Brutto- produkt nærings- middel- industri (mill. kr) | Del av bruttopro- dukt kommune (%) | Brutto- produkt treindustri (mill.kr) | Del av brutto- produkt kommune (%) | Brutto- produkt landbruks- basert industri (mill. kr) | Del av brutto- produkt kommune (%) | |
|----------------------------------|---|--|--|--|--|--|-----|
| Granvin | 261 | 1 | 0 % | 18 | 7 % | 19 | 7 % |
| Vaksdal | 1 249 | 87 | 7 % | - | 0 % | 87 | 7 % |
| Sveio | 914 | 21 | 2 % | 1 | 0 % | 22 | 2 % |
| Etne | 1 282 | 23 | 2 % | - | 0 % | 23 | 2 % |
| Voss | 5 143 | 88 | 2 % | 1 | 0 % | 89 | 2 % |
| Ullensvang | 1 045 | 16 | 2 % | 1 | 0 % | 17 | 2 % |
| Fusa | 1 478 | 1 | 0 % | 16 | 1 % | 17 | 1 % |
| Ulvik | 329 | 3 | 1 % | - | 0 % | 3 | 1 % |
| Kvam | 2 912 | 17 | 1 % | 5 | 0 % | 22 | 1 % |
| Bergen | 138 585 | 896 | 1 % | 1 | 0 % | 897 | 1 % |
| Askøy | 5 195 | 32 | 1 % | - | 0 % | 32 | 1 % |
| Samnanger | 402 | 1 | 0 % | 1 | 0 % | 2 | 1 % |
| Masfjorden | 538 | 1 | 0 % | 1 | 0 % | 2 | 0 % |
| Osterøy | 2 037 | 3 | 0 % | 3 | 0 % | 6 | 0 % |
| Kvinnherad | 4 450 | - | 0 % | 7 | 0 % | 7 | 0 % |
| Sund | 1 242 | - | 0 % | 2 | 0 % | 2 | 0 % |
| Radøy | 1 166 | 1 | 0 % | - | 0 % | 1 | 0 % |
| Os (Hord.) | 4 151 | 3 | 0 % | - | 0 % | 3 | 0 % |
| Lindås | 5 799 | - | 0 % | 1 | 0 % | 1 | 0 % |
| Bømlo | 3 851 | - | 0 % | 1 | 0 % | 1 | 0 % |
| Stord | 7 742 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Fitjar | 1 094 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Tysnes | 848 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Jondal | 293 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Odda | 3 029 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Eidfjord | 352 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Austevoll | 2 646 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Fjell | 10 107 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Modalen | 192 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Meland | 1 673 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Øygarden | 1 020 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Austrheim | 911 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Fedje | 270 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Sum | 212 204 | 1 193 | 1 % | 58 | 0 % | 1 251 | 1 % |

Kjelde: Østlandsforskning med grunnlag i Statistikkbanken SSB og Panda

7.5 Samanlikning av verdiskaping og sysselsetting i landbruk og landbruksbasert industri med marin sektor

I dette kapitlet samanliknar vi verdiskaping og sysselsetting i dei «grøne» primærnæringane jordbruk og skogbruk, dvs. landbruk, med den «blå» primærnæringa fiskeri. Vidare blir det også gjort samanlikningar av verdiskaping og sysselsetting i vidareforedlingsledda til dei nemnde primærnæringane.


Det er om lag 2 100 sysselsette innan fiskeri og 2500 innan landbruket i Hordaland i 2013, dvs. at begge næringar utgjer rundt 1 prosent av total sysselsetting i fylket. Målt i tal på sysselsette er Hordaland Norges tredje største fylke innan fiskeriverksemd, mens 7 fylke har fleire sysselsette innan landbruket.



Figur 7.14 Tal på sysselsette innan fiske og landbruk i 2013 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning


Blant kommunane i Hordaland skil Austevoll seg ut med klart flest arbeidsplassar innan fiskeri. Deretter følgjer Bergen og Bømlo. Dei største landbrukskommunane er Kvinnherad, Voss og Kvam.



Figur 7.15 Tal på sysselsette innan fiske og landbruk i kommunar Hordaland i 2013 (per 4. kvartal)

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning


Innan fiskebasert og landbruksbasert industri er det høvesvis 1 000 og 3 500 arbeidsplassar i Hordaland. Gjer vi også her ei nasjonal samanlikning, ser vi at det er om lag like mange fiskeindustriarbeidsplassar i Hordaland som i Finnmark, og det er berre Møre og Romsdal og Nordland som sysselset fleire innan denne industrigreina. Innan landbruksbasert industri er det 5 fylke med fleire arbeidsplassar.



Figur 7.16 Tal på sysselsette innan fiske- og landbruksbasert industri i 2013 (per 4. kvartal). Fylkesfordelt

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Drikkevarer er halde utanfor. Landbruksbasert industri vil si både næringsmiddelindustri med råvarer frå jordbruket og trelast/trevare/treforedlingsindustri. All forproduksjon er lagt til landbruksbasert industri


Rundt ein fjerdedel av arbeidsplassane i fiskeindustri i fylket ligg i Bømlo kommune. Kommunen er da også den med klart flest industriarbeidsplassar innan denne bransjen. Deretter følgjer Austevoll, Sund og Osterøy.



Figur 7.17 Tal på sysselsette innan fiske- og landbruksbasert industri kommunar i Hordaland i 2013 (per 4. kvartal)

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning. Drikkevarer er halde utanfor. Landbruksbasert industri vil si både næringsmiddelindustri med råvarer frå jordbruket og trelast/trevare/treforedlingsindustri. All forproduksjon er lagt til landbruksbasert industri


Vi har tidlegare i notatet gjort greie for at det ei næring har å seie for sysselsettinga i ein region kan målast ved hjelp av lokaliseringkvotientar. Figur 7.18 nedanfor viser lokaliseringkvotientar for landbruket og fiske på fylkesnivå. Berre for å repetere; ein lokaliseringkvotient over 1 vil seie overrepresentasjon og under 1 underrepresentasjon i høve til landsgjennomsnittet. Hordaland er overrepresentert innan fiske og underrepresentert innan landbruk. Rettnok avvik ikkje lokaliseringkvotientane her mykje frå 1. Stort avvik finn vi i Finnmark og Nordland innan fiskeri, og i Nord-Trøndelag, Hedmark og Oppland innan landbruk.



Figur 7.18 Lokaliseringskvotienter for landbruket og fiske i 2013. Fylkesfordelt

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning


Dei fleste kommunane i Hordaland er overrepresentert innan fiskeri, mens om lag halvparten er det innan landbruket. Ikkje overraskande er det størst overrepresentasjon i Austevoll kommune innan førstnemnde næring, mens det i dei kommunane med størst overrepresentasjon i landbruket (Ullensvang, Ulvik og Granvin) ikkje er registrert sysselsette innan fiskeriverksemd.



Figur 7.19 Lokaliseringskvotientar for landbruket og fiske i 2013. Kommunar i Hordaland

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning


Innanfor fiskeribasert industri er delen arbeidsplassar i Hordaland av totalen om lag som for landet samla, dvs. ein lokaliseringkvotient på ca. 1. Overrepresentasjonen er størst i Nordland og Finnmark, som i primærleddet. Innan landbruksbasert industri er Hordaland underrepresentert med ein kvotient på 0,7.



Figur 7.20 Lokaliseringskvotientar for landbruksbasert og fiskeribasert industri i 2013. Fylkesfordelt

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

På kommunenivå får ein fram eit svært fragmentert bilete når ein ser på lokaliseringkvotientar innan fiskeribasert industrivirksomhet. Det er fleire kommunar som er sterkt overrepresentert, samtidig som andre kommunar ikkje har denne type verksemdar i det heile. Størst overrepresentasjon innan fiskeribasert industri finn ein i kommunane Bømlo, Austevoll, Sund og Osterøy. Blant dei er det berre Austevoll som også er overrepresentert innan landbruksbasert industri. Elles er det størst overrepresentasjon innan sistnemnde industri i Granvin og Vaksdal.



Figur 7.21 Lokaliseringskvotientar for landbruksbasert og fiskeribasert industri i 2013. Kommunar i Hordaland

Kjelde: SSB og gjennomarbeidd av Østlandsforskning

7.5.1 Verdiskaping

I det følgjande har vi rekna verdiskapinga i fiskeribasert industri i Hordaland. Verdiskapinga er målt i bruttoprodukt. Dette er først og fremst utrekna med grunnlag i sysselsette innanfor fiskeribasert industri i Hordaland (sjå kapittel 7.5).

Vi har lagt til grunn tilsvarende metode som den vi la til grunn for tilsvarende utrekning for landbruksbasert industri (sjå kapittel 7.4).

I tabell 7.6 presenterer vi eit estimat per kommune for samla verdiskaping (bruttoprodukt), verdiskaping innanfor fiskeri- og landbruksbasert industri og kva desse utgjær

av verdiskapinga i kommunen. Kor mykje delen av verdiskapinga i desse industriane utgjer av samla verdiskaping, varierer mellom kommunane. Verdiskapinga i fiskeribasert industri utgjer 1,1 mrd. kroner i Hordaland og 1,3 mrd. kroner i landbruksbasert industri. Målt i kroner er verdiskapinga i fiskeribasert industri størst i Bømlo kommune (274 mill. kroner) følgd av kommunane Austevoll (234 mill. kroner) og Sund (150 mill. kroner).

Verdiskapinga innanfor fiskeribasert industri utgjer 1 prosent av samla verdiskaping i Hordaland og tilsvarende utgjer landbruksbasert industri (1 prosent). Ser vi nærmare på kommunane, utgjer verdiskapinga i fiskeribasert industri 12 prosent av samla verdiskaping i Sund, 9 prosent i Austevoll, 7 prosent i Bømlo og 6 prosent i Osterøy kommune.



Foto: © NILF

Tabell 7.6 Verdiskaping i fiskebasert industri og landbruksbasert industri i Hordaland. Sortert avtakende etter del av bruttoprodukt i kommune. Mill. kroner og %. 2013

| Bruttoprodukt kommune (mill. kr) | Brutto- produkt fiskeri- basert industri (mill. kr) | Del av brutto- produkt kommune (%) | Brutto- produkt landbruks- basert industri (mill. kr) | Del av brutto- produkt kommune (%) | Brutto- produkt industri (mill. kr) | Del av brutto- produkt kommu- ne (%) | |
|----------------------------------|--|--|--|--|--|--|------|
| Sund | 1 242 | 150 | 12 % | 2 | 0 % | 152 | 12 % |
| Austevoll | 2 646 | 234 | 9 % | - | 0 % | 234 | 9 % |
| Granvin | 261 | - | 0 % | 19 | 7 % | 19 | 7 % |
| Bømlo | 3 851 | 274 | 7 % | 1 | 0 % | 274 | 7 % |
| Vaksdal | 1 249 | - | 0 % | 87 | 7 % | 87 | 7 % |
| Osterøy | 2 037 | 116 | 6 % | 6 | 0 % | 122 | 6 % |
| Radøy | 1 166 | 35 | 3 % | 1 | 0 % | 36 | 3 % |
| Tysnes | 848 | 23 | 3 % | - | 0 % | 23 | 3 % |
| Sveio | 914 | - | 0 % | 22 | 2 % | 22 | 2 % |
| Kvam | 2 912 | 34 | 1 % | 22 | 1 % | 56 | 2 % |
| Etne | 1 282 | - | 0 % | 23 | 2 % | 23 | 2 % |
| Voss | 5 143 | - | 0 % | 89 | 2 % | 89 | 2 % |
| Kvinnherad | 4 450 | 64 | 1 % | 7 | 0 % | 72 | 2 % |
| Ullensvang | 1 045 | - | 0 % | 17 | 2 % | 17 | 2 % |
| Fusa | 1 478 | - | 0 % | 17 | 1 % | 17 | 1 % |
| Os (Hord.) | 4 151 | 44 | 1 % | 3 | 0 % | 47 | 1 % |
| Ulvik | 329 | - | 0 % | 3 | 1 % | 3 | 1 % |
| Askøy | 5 195 | 10 | 0 % | 32 | 1 % | 43 | 1 % |
| Bergen | 138 585 | 105 | 0 % | 897 | 1 % | 1 002 | 1 % |
| Samnanger | 402 | - | 0 % | 2 | 1 % | 2 | 1 % |
| Masfjorden | 538 | - | 0 % | 2 | 0 % | 2 | 0 % |
| Fitjar | 1 094 | 3 | 0 % | - | 0 % | 3 | 0 % |
| Fjell | 10 107 | 12 | 0 % | - | 0 % | 12 | 0 % |
| Austrheim | 911 | 1 | 0 % | - | 0 % | 1 | 0 % |
| Øygarden | 1 020 | 1 | 0 % | - | 0 % | 1 | 0 % |
| Lindås | 5 799 | 1 | 0 % | 1 | 0 % | 2 | 0 % |
| Stord | 7 742 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Jondal | 293 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Odda | 3 029 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Eidfjord | 352 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Modalen | 192 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Meland | 1 673 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Fedje | 270 | - | 0 % | - | 0 % | - | 0 % |
| Sum | 212 204 | 1 108 | 1 % | 1 251 | 1 % | 2 359 | 1 % |

